



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Flora samfunnshus
Dato: 11.12.2019
Tid: Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte

Anders Ola Sunnarvik
Bente Nygård
Kim Gunnar Jensen
Lars Terje Standal
Leif Magne Gil
Petter Karl Refsnes
Ronny Cassells
Silje Ødegård Standal
Tove Lill Refvik Volle
Frank Willy Pedersen Djuvik
Miriam Johanne Nesje
Anett Berg
Arlene Vågene
Hanne Eva Husebø Kristensen
Kristian Skibenes
Vidar Grønnevik
Gustav Johan Nydal
Odd Bovim
Daniel Erik Adrian Henriksson
Geir Ole Oldeide
Marie Kronen Tveranger
Sunniva Audardottir Oldeide
Asgeir Olav Solheim
Fredrik Smiley Egeberg
Jan Arve Midtbø
Jon Valur Olafsson
Randi Hagevik Aare
Sidsel Fænn Kongsvik
Torgunn Elisabeth Eikevik
Ingunn Kjersti Frøyen
Marie Kristine Øverås Jensen
Edvard Iversen
Hilmar Eliasson
Jacob Andrè Telvik Nødseth
Jan Henrik Nygård

Parti

Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn FrP
Kinn FrP
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn KrF
Kinn MDG
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SV
Kinn SV
Kinn V
Kinn V
Kinn V
Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ola Teigen	Kinn AP	Doris Christensen	Kinn AP
Morten Andreas Hagen	Kinn H	Mats Brunsvik	Kinn H
Kine Andersen Nygård	Kinn MDG	Geir Arne Solheim	Kinn MDG
Tom André Vedvik Hopland	Kinn SP	Marianne Kvalvik Kvamme	Kinn SP

Møtenotater:

Repr. Bente Nygård (AP) var innvilga permisjon frå kl. 09.20-10.40.

Varaordfører Sidsel Fænn Kongsvik ønskjer val av settevaraordfører til dagens møte.

Kommunestyret diskuterte saken.

Odd Bovim vart samrøystes vald som settevaraordfører.

Sakene 063/19, 064/19, 066/19, 067/19, 068/19 og 069/19 vart vedtatt utsatt.

Repr. Gustav Johan Nydal (KrF) fratrådte møtet etter handsaming av sak 070/19.

Vararepr. Knut Byrkjeland (KrF) tiltrådte møtet før handsaming av sak 073/19.

Sak 076/19 vart handsama før sak 075/19.

Vararepr. Marianne Kvalvik Kvamme (SP) fratrådte møtet etter handsaming av sak 076/19.

Vararepr. Anita Eikevik (SP) tiltrådte møtet før handsaming av sak 075/19.

Repr. Jan Henrik Nygård (V) og repr. Kim Gunnar Jensen (AP) vart innvilga permisjon frå kl. 17.45 under handsaming av sak 075/19.

Repr. Kim Gunnar Jensen tiltrådte møtet kl. 18.20 under handsaming av sak 075/19.

Repr. Jan Henrik Nygård tiltrådte møtet kl. 18.25 under handsaming av sak 075/19.

Repr. Miriam Johanne Nesje (FrP) fratrådte møtet kl. 19.00 under handsaming av sak 075/19.

Vararepr. Bjarne Holme (FrP) tiltrådte møtet kl. 19.00 under handsaming av sak 075/19.

Repr. Sunniva Audardottir Oldeide (R) fratrådte møtet kl. 19.30 under handsaming av sak 075/19.

Vararepr. Hege Chatrine Brandsøy (R) tiltrådte møtet kl. 19.40 under handsaming av sak 075/19.

Vararepr. Doris Christensen (AP) fratrådte møtet kl. 20.10 under handsaming av sak 075/19.

Sidsel Fænn Kongsvik

Varaordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
050/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
051/19	Godkjenning av møteprotokoll
052/19	Refererte skriv og meldingar
053/19	Interpellasjon/spørsmål
003/19	Interpellasjon til Kinn kommunestyre - Meirope bibliotek
004/19	Interpellasjon: Erklæring om klimakrise
054/19	Val av sekretariat for kontrollutvalet i Kinn kommune
055/19	Administrasjonsmål i Kinn kommune
056/19	Målform i Kinn kommune
057/19	Prioritering av spelemidler i 2020
058/19	Ny organisasjonsform IKT Nordfjord
059/19	Vertskommune for ny statleg barnevernsinstitusjon i Florø
060/19	Interkommunalt samarbeid om helsetenester
061/19	Kommunearkivordninga - endring av vedtekter
062/19	Endring av standardforskrift for husholdningsavfall
063/19	Val av representant til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter - Supperingsval
064/19	Val av politisk valde representantar til rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne
065/19	Politisk møteplan for 2020
066/19	Godkjenning av vedtekter for Florø hamn KF Kinn kommune
067/19	Godkjenning av vedtekter for Havhesten KF Kinn kommune
068/19	Godkjenning av vedtekter for Kinn utdannings- og ressurscenter KF Kinn kommune
069/19	Godkjenning av vedtekter for Bordgleder KF Kinn kommune
070/19	Vedtekter for kommunale barnehager i Kinn kommune
071/19	Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Flora Hamn KF
072/19	Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Havhesten KF
073/19	Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 KURS KF
074/19	Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Bordgleder KF
075/19	Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Kinn kommune
076/19	Farvassavgift, sakshandsamingsgebyr og vedtekter i Alden hamneområde
077/19	Byar i Kinn
078/19	Reservasjon mot deltaking i innkjøpsamarbeid av helsevikarar
079/19	Val av representant til Ålfoten vernestyre
080/19	Val av representantar til styret i Allhuset
081/19	Val av representant til Fjordane Friluftsråd
082/19	Grensejustering Bryggja



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/988
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 04.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/19	Kommunestyret	11.12.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Prosjektrådmannen si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar til innkalling.

Godkjenning av sakliste:

Rødt v/repr. Daniel Henrikson etterlyste følgjande saker på saklista:

1. Helsevikarer; er kome på saklista.
2. Godkjenning investering rådhusomt i Flora.

Prosjektrådmann Terje Heggheim orienterte om at kjøp av rådhusomt i Florø er ei sak frå 2018 i Flora bystyre og difor ikkje grunnlag for eiga sak i Kinn kommunestyre.

Høgre v/repr. Arlene Vågene informerte om at det i sak 081/19 *Val av representant til Fjordane Friluftsråd* skal veljast 2 representantar og ikkje 1 som det står i sakspapiret.

AP v/repr. Doris Christensen ønskjer at ein i sak 064/19 *Val av politisk valde representantar til rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne* diskuterer eit brukarråd istadenfor. Ein kjem tilbake til dette under handsaming av saka.

Kommunestyret diskuterte rekkefølga på handsaming av sakene.

Sak 071/19 - 075/19 vert handsama sist i møtet.

Sak 068/19 vert handsama før sak 063/19.

Votering:

Prosjektrådmannen si tilråding med endringar vedtatt i møte samrøystes godkjent.

KOST- 050/19 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/886
Sakshandsamar: Arne Schei
Dato: 19.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/19	Kommunestyret	11.12.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen si tilråding:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Votering:

Prosjektrådmanenn si tilråding samrøystes godkjent.

KOST- 051/19 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå møte 06.11.2019 ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kinn kommunestyre - 06.11.2019



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/989
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 04.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/19	Kommunestyret	11.12.2019

Refererte skriv og meldingar

Prosjektrådmannen si tilråding:
Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.

Underliggende sak:

004/19, Samrøystes vedtak frå Flora eldreråd i samband med rådmannen sitt budsjettframlegg

005/19, Innspill til gebyrregulativ 2020 - styret i FAU ved Flora ungdomsskule

006/19, Notat - Svar på spørsmål om redusert vassavgift

007/19, Utbygging av ny Fløy E ved Kulatoppen omsorgssenter med mer - Utskrift sakspapir

008/19, Feil i saksgrunnlaget - Kommunestyresak 054/19 - Sekretariat for kontrollutvalet

009/19, Melding om vedtak . innstilling til Kinn kommunestyre - Budsjett Kontrollutvalet 2020

010/19, Innspill til gebyrregulativ 2020 - Advokatfirmaet Angelshaug & Co AS v/Måløy seafood

011/19, Innspill til gebyrregulativ 2020 - Idrettsråda i Flora og Vågsøy kring Storhall i Vest

012/19, Innspill til gebyrregulativ 2020 - Måløy vekst og Flora industri- og næringsforening

013/19, Innspill til gebyrregulativ 2020 - Standal/Svortevik grendelag

014/19, Innspill til gebyrregulativ 2020 - Vågsøy historielag

015/19, Tilsvar til Sekom - påstand om feil i saksgrunnlaget

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Venstre v/repr. Jan Henrik Nygård ønskte gjennomgang av dei ulike referatsakene. Prosjektrådmann Terje Heggheim orienterte.

Ingen merknadar som foranlediget endringsframlegg.

Votering:

Rådmannen si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 052/19 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/19	Kommunestyret	06.11.2019
053/19	Kommunestyret	11.12.2019

Interpellasjon/spørsmål

Kommunestyret 06.11.2019:

Handsaming:

Kommunestyret vedtok å utsette INTER 001/19 *Meiroke bibliotek* og INTER 002/19 *Erklæring om klimakrise*.

Votering

Ingen votering.

KOST- 023/19 Vedtak:

Ingen vedtak.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Går fram av sak INTER 003/19 og INTER 004/19.

KOST- 053/19 Vedtak:

Går fram av sak INTER 003/19 og INTER 004/19.



Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 19/658
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 09.10.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/19	Kommunestyret	06.11.2019
003/19	Kommunestyret	11.12.2019

Interpellasjon til Kinn kommunestyre - Meirope bibliotek

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Framlegg til vedtak,, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Kinn kommunestyre ønskjer at ei endring med meirope bibliotek i Kinn kommune (både i Florø og Måløy) vert innført i løpet av 2020. Sak med økonomiske konsekvensar og praktisk gjennomføring vert lagt fram for oppvekst- og kulturutvalet så snart som mogleg i 2020.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Venstre v/repr. Nødseth om meirope bibliotek vart samrøystes vedtatt.

KOST- 003/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre ønskjer at ei endring med meirope bibliotek i Kinn kommune (både i Florø og Måløy) vert innført i løpet av 2020. Sak med økonomiske konsekvensar og praktisk gjennomføring vert lagt fram for oppvekst- og kulturutvalet så snart som mogleg i 2020.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/19	Kommunestyret	06.11.2019
004/19	Kommunestyret	11.12.2019

Interpellasjon: Erklæring om klimakrise

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Framlegg frå Raudt, foreslått av Sunniva Audardottir Oldeide, Kinn Rødt

5. Neste politikardag skal handla om klima og miljø.

Framlegg frå Venstre, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Punkt 3 endre "klimakrisen" til "klima- og miljøkrisen".

Framlegg frå Venstre, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Tillegg punkt 4:

"og for å sikre artsmangfoldet."

Felles framlegg frå MDG, Rødt, AP, SP, V og SV, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

1. Kinn kommune anerkjenner klima- og miljøkrisen, og vil i lys av dette gå foran som en bærekraftig og klimasmart kommune. Kommunestyret vil fortsette å styrke arbeidet med å skape en kommune og et lokalsamfunn som i størst mulig grad vektlegger bærekraft og klimasmarte tiltak, bl.a. gjennom utarbeiding av klimaplan og klimabudsjett, hvor man i denne forbindelse vil ta utgangspunkt i de prosesser som her arbeides med i andre kommuner, søke samarbeid og trekke veksler på opparbeidet kunnskap på området.

2. Kinn kommune forplikter seg til å utarbeide og følge opp en strategi for at kommunen tar sin del for å holde den globale oppvarmingen under 1,5 grader, og å bevare artsmangfoldet.

3. Neste politikardag skal handla om klima og miljø.

Votering:

Det vart votert over fellesframlegg framlegg frå MDG, Rødt, AP, SP, V og SV i 3 punkt.

Punkt 1 vedtatt mot 8 røyster (H og FrP).

Punkt 2 vedtatt mot 8 røyster (H og FrP).

Punkt 3 samrøystes vedtatt.

KOST- 004/19 Vedtak:

1. Kinn kommune anerkjenner klima- og miljøkrisen, og vil i lys av dette gå foran som en bærekraftig og klimasmart kommune. Kommunestyret vil fortsette å styrke arbeidet med å skape en kommune og et lokalsamfunn som i størst mulig grad vektlegger bærekraft og klimasmarte tiltak, bl.a. gjennom utarbeiding av klimaplan og klimabudsjett, hvor man i denne forbindelse vil ta utgangspunkt i de prosesser som her arbeides med i andre kommuner, søke samarbeid og trekke veksler på opparbeidet kunnskap på området.
2. Kinn kommune forplikter seg til å utarbeide og følge opp en strategi for at kommunen tar sin del for å holde den globale oppvarmingen under 1,5 grader, og å bevare artsmangfoldet.
3. Neste politikardag skal handla om klima og miljø.

Vedlegg i saken:

Interpellasjon Erklæring om klimakrise



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
054/19	Kommunestyret	11.12.2019

Val av sekretariat for kontrollutvalet i Kinn kommune

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

- Kinn kommune vel Vest kontroll sekretariat for kontrollutval, som sekretariat for kontrollutvalet.
- Kinn kommune søker medeigarskap i Vest kontroll sekretariat for kontrollutval. Vedtaket sendast over til representantskapet i Vest kontroll snarast råd, for vidare handsaming.
- Vest kontroll er sekretariat for Kinn kontrollutval også i perioden fram til formell samarbeidsavtale er i orden.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Fremmer mindretalet i kontrollutvalgets forslag til vedtak, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Forslag (som mindretalet frå kontrollutvalet, med endring av siste strekpunkt):

- Kinn kommune vel Sekom-sekretariat sekretariat for kontrollutval, som sekretariat for kontrollutvalet.
- Kinn kommune søker medeigarskap i Sekom-sekretariat for kontrollutval. Vedtaket sendast over til representantskapet i Sekom-sekretariat snarast råd, for vidare handsaming.
- Sekom-sekretariat er sekretariat for Kinn kontrollutval også i perioden fram til formell samarbeidsavtale er i orden.
- Sak om inngåing av eigarskap i selskapet vert lagt fram for kommunestyret så snart som mogleg.

Leiar i kontrollutvalet, Bjørn Hollevik, orienterte.

Votering:

Det vart votert alternativt over kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak og mindretalsframlegget frå kontrollutvalet, fremma av Venstre v/repr. Nødseth.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vedtatt mot 11 røyster (V, H og KrF).

KOST- 054/19 Vedtak:

- Kinn kommune vel Vest kontroll sekretariat for kontrollutval, som sekretariat for

kontrollutvalet.

- Kinn kommune søker medeigarskap i Vest kontroll sekretariat for kontrollutval. Vedtaket sendast over til representantskapet i Vest kontroll snarast råd, for vidare handsaming.
- Vest kontroll er sekretariat for Kinn kontrollutval også i perioden fram til formell samarbeidsavtale er i orden.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret i Kinn kommune fatta 6. november 2019 følgjande vedtak i sak k-048/19:

- Kommunestyret ønsker fortsatt offentlig sekretariatsordning og ber kontrollutvalet snarast mogleg greie ut om tilråde på val av selskap som Kinn kommune skal søke eigarskap i.
- Kommunestyret set opp følgjande kriterier som ei skal legge til grunn for val av selskap, i prioritert rekkefølge:
 - Kompetanse
 - Pris
 - Oppdragsforståing
 - Kapasitet

Til å greie ut saka for Kinn kontrollutval bistand frå Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS.

Saksopplysningar:

Settesekretariatet si tilråding er basert på ei samanstilling av arbeidsoppgåver som sekretariatet til kontrollutvalet bør kunne utføre og kravspesifikasjon frå kontrollutvala:

- Kompetanse
- Pris
- Oppdragsforståing
- Kapasitet

Kva arbeidsoppgåver bør eit kontrollutvalssekretariat kunne utføre?

Kommunelova gir ei generell beskriving av oppgåva til sekretariatet. Det skal sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg greia ut og at utvalet sitt vedtak vert satt i verk. Sekretariatet sine oppgåver er vidare forklart i forarbeida til ny kommunelov og i kontrollutvalsboka. Norges kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) har definert sekretariatets oppgåver endå nærmare og relatert den til sekretariatet sine ulike roller:

1. *Administrator:* Sekretariatet si rolle som administrator omfattar praktisk arbeid med utvala sine møter: innkalling, protokollføring, bestilling av møterom etc.

2. *Sakshandsamar:* Sekretariatet gjer sjølvstendige vurderingar av saker som blir lagt fram til handsaming. Til dømes om revisjonen sine rapportar svarar på utvalet si bestilling, om dei har tilstrekkelig kvalitet og kva råd kontrollutvalet bør gi kommunestyret.

3. *Utredar:* Sekretariatet står for sjølvstendige utgreingar, til dømes overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Sekretariatet kan også gjere andre utgreingar som kontrollutvalet ber om, så lenge det ikkje er definert som revisjon.

4. *Rådgjevar*: Sekretariatet kan gje råd om praktisering av lov- og regelverk, til dømes om habilitet og møteoffentlegheit. Som rådgjevar er opplæring av kontrollutvalsmedlemmar i rolla si, viktig.

5. *Koordinator*: Rolla inneber planlegging av kontrollarbeidet i kommunen og koordinering mot revisjon og kommunedirektør. I tillegg bidreg sekretariatet i samordninga av statleg tilsyn og kommunalt kontrollarbeid, som i fylkesmannens tilsynsforum.

Det er rimeleg å forvente at sekretariatet for kontrollutvalet i Kinn kommune skal kunne fylle alle desse rollene.

Selskapa sin informasjon om eiga verksemd er omarbeidd og presentert i tabellen under.

Settesekretariatet vil understreke av tabellen og saksutgreiinga gir mest informasjon om selskapa sine føresetnader for å utføre arbeidet med god kvalitet. Vi har ikkje konkret vurdert kvaliteten på sekretariats tidlegare arbeid.

Vidare saksopplysningar i saksdokument frå Kontrollutvalet som ligg ved som vedlegg til saka.

Vurderingar:

Val av sekretariat mellom to offentlege ordningar der ein også skal gå inn som medeigar, er ikkje ein ordinær konkurranse. Dette betyr at vurderinga om kva sekretariat kommunen skal velje, ikkje berre gjeld tenesta i seg sjølv med også spørsmål om eigarskap. Spørsmål som eigarskap har nokre tilleggsmoment som kommunestyret må ta stilling til og som ikkje kontrollutvalet skal meina noko om. Kontrollutvalet vil i denne saka ta stilling til kva selskap utvalet meiner er det beste selskapet til å ivareta sekretariatstenesta for kontrollutvalet. Andre relevante argument som er knytt til eigarstyring og liknande ligg som utgangspunkt utanfor denne vurderinga, men kan få noko å seie i handsaminga av saka i kommunestyret.

Då kommunestyret vedtok fortsatt offentlig sekretariatsordning, lista dei opp nokre kriterier for vurderinga av kva selskap ein skulle velje. Ei liste på fire kriterier vart satt opp i prioritert rekkefølge, emn utan nærmare vektig av dei. Sekretariatet forstår det slik at kompetanse skal tilleggast størst vekt, deretter pris, oppdragsforståing og kapasitet. Ut frå dette skal sekretariatet komme frem til ei innstilling på kven ein bør velje som sekretariat for kontrollutvalet i Kinn kommune.

Oppdragsforståing

Generelle merknader til dei to selskapa er at dei begge har lang erfaring med å være sekretær for kontrollutval i fleire kommunar. Begge sekretariata kjenner deler av Kinn kommune, sidan dei har vore sekretariat for kvar av dei tidlegare kommunane Flora og Vågsøy. Begge selskapa har god oppdragsforståing og er i stand til å løyse oppgåva. Begge selskapa er også sekretærar for nabokommunar som Kinn truleg vil ha samarbeid med. Vest kontroll er sekretær for Stad kommune og Sekom-sekretariat blant anna Bremanger og Sunnfjord og andre i regionen. Sekom-sekretariat har som sterk fordel at dei er sekretariat for fleire kommunar i Vestland fylke og naboar til Kinn. Vestkontroll har hovudmedeigarane sine i Møte og Romsdal, og berre Stad kommune i Vestland fylke. Dette vil likevel ikkje ha noko avgjerande å seie for den generelle sekretariatstenesta, men heller ha relevans for spørsmål knytt til eigarskap og eigarskapsstrategien til Kinn kommune.

Pris

Sekom-sekretariat ligg noko lågare i pris enn Vest kontroll. Forskjellen er ikkje vesentleg, det skil berre kr 25.000. Pris er også ikkje ein fastsett størrelse slik ved ein ordinær konkurranse. Her vil eigarar og aktivitetsnivå kunne endre på dette gjennom året og perioden.

Kapasitet

Vest-kontroll har per i dag 2,2 stillingsheimlar og knytt til seg ein advokat ved rammeavtale.

Sekom-sekretariat har per i dag 1,6 stillingsheimlar og har også ein rammeavtale med advokat.

Begge selskapa kan utvide kapasiteten med det same for å dekke det Kinn kontrollutval treng. Vest

kontroll er likevel noko meir robust ved at ein har tre tilsette mot to i Sekom-sekretariatet.

Kompetanse

Det er ved vurderinga av formal og realkompetanse selskapa skil seg mest frå kvarandre. Sekom-sekretariatet har to tilsette med formalkompetanse på frå høgskulenivå, lågare grad enn bachelor. Vestkontroll har ein tilsett med bachelor, ein med cand.mag. grad og ein på masternivå. 6

Formalkompetansen er vesentlig betre i Vest kontroll. Realkompetansen skil ikkje så mykje. Begge tilsette i Sekom-sekretariat har lang og relevant erfaring frå kommunal sektor og med kontrollutvalsarbeid. I Vest kontroll er det tilsette med tilsvarande lang og relevant erfaring innan kommunal sektor, kontrollutvalsarbeid og frå revisjonsområde, i tillegg til ein relativt nyutdanna med kortare erfaring.

Etter ei totalvurdering på bakgrunn av dei opplysningane som er lagt fram og ønske frå kommunestyret om at kompetanse skulle vere den høgst prioriterte kriteria, står Vest kontroll fram som det aktuelle sekretariatet for Kinn kontrollutval.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Melding om vedtak - innstilling til kommunestyret i KINN

0679_001

SEKOM sekretariat svar til Temark 181119

Saksprotokoll , 28112019, Sak 3-19, Val av sekretariat for kontrollutvalet i Kinn kommune

Saksutskrift - Val av sekretariat for kontrollutvalet i Kinn kommune



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/19	Kommunestyret	11.12.2019

Administrasjonsmål i Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte nynorsk som administrasjonsmål.
2. Når vi skal svare på innkomen korrespondanse frå innbyggjarane, skal vi nytte avsendaren si målform

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Nytt punkt 1, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Nytt punkt 1:

Kinn kommune skal ha ein gjennomført nynorsk profil i sin eksterne kommunikasjon.

Kommunestyret oppmodar om at nynorsk vert nytta som administrasjonsspråk, men kommunen er likevel formelt språkleg nøytral, slik at tilsette kan velje det administrasjonsmålet som dei skriv best.

Votering:

Det vart votert alternativt over pkt. 1. i rådmann sitt framlegg til vedtak og nytt punkt 1 frå V v/repr. Nødseth.

Rådmann sitt framlegg til vedtak vedtatt mot 12 røyster (V, H - 5 repr., FrP og Sp-1 repr.).

Det vart deretter votert over punkt 2 i rådmann sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedtatt.

KOST- 055/19 Vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte nynorsk som administrasjonsmål.
2. Når vi skal svare på innkomen korrespondanse frå innbyggjarane, skal vi nytte avsendaren si målform

Vurderingar:

Uavhengig av mållova kan vi gjere vedtak om administrasjonsmål. Vi har to alternativ.

1. Vi kan vedta *bokmål* eller *nynorsk* som administrasjonsmål. Det inneber at alle tilsette må bruke den vedtekne målforma i alle skriv og publikasjonar. Det gjeld og i skriv til innbyggjarane, uavhengig av kva som er nytta i det innkomne skrivet. Om vi ikkje vedtar noko anna. I tillegg bør all skilting, nettsider og liknande vere på den vedtekne målforma.
2. Vi kan vedta å vere språkleg *nøytral*. Då bruker dei tilsette den målforma dei ønskjer. I tillegg kan vi vedta at innbyggjarane får svar på den målforma som er nytta i det innkomne skrivet. Då må vi ta spesiell stilling til målform på skilt, oppslag og liknande. Det same vil gjelde for kva vi skriv på dei digitale plattformane.

Med bakgrunn i at Flora og Vågsøy har vedtak om nynorsk som administrasjonsmål og ut frå målet om å bli opplevd som heilskapleg, tilrår eg at nynorsk vert nytta som administrasjonsmål i Kinn kommune.

Sekundært meiner eg vi kan gjere vedtak om å vere språkleg nøytral, men då fryktar eg at vi kan bli opplevd ulikt og lite heilskapleg. Eit anna argument for å vere nøytrale er at medarbeidarane skriv best på den målforma dei er best i. I enkelte tilfelle kan det vere medarbeidarar som skriv betre på bokmål enn nynorsk. Omsynet til å stå fram som ein heilskapleg kommune på alle plattformer bør likevel vege tyngre enn omsynet til medarbeidarane.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/19	Kommunestyret	11.12.2019

Målform i Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre viser til mållova § 5 og gjer vedtak om nynorsk som målform

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Votering:

Rådmann sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 056/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre viser til mållova § 5 og gjer vedtak om nynorsk som målform.

Vurderingar:

Å velje målform etter mållova § 5

Å velje målform etter mållova § 5 handlar kva målform statlege organ skal nytte i skriv og publikasjonar dei sender oss.

Mållova § 5:

"Eit kommunestyre kan gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral. Tilsvarende vedtak kan

fylkestinget gjere for fylkeskommunen.

Så lenge ein kommune eller ein fylkeskommune ikkje har gjort vedtak som nemnt i denne paragrafen, skal han reknast for å vere språkleg nøytral.

Kommunar og fylkeskommunar skal melde vedtak etter denne paragrafen til departementet, som syter for at vedtaka blir gjorde kjende i statstenesta"

Det handlar ikkje om kva målform medarbeidarane i Kinn skal nytte. Det fastset vi i val av administrasjonsmål, uavhengig av mållova. Det vert eiga sak om det.

Med bakgrunn i at Flora og Vågsøy i dag har vedtak om nynorsk som målform, finn eg det naturleg å vidareføre dette i Kinn kommune.

Kulturdepartementet har kome med framlegg til ny, heilskapleg språklov. Vi har ikkje svart på høyringa som hadde frist i midten av november i år. Målet med lova er blant anna å sikre likeverd mellom språka våre (norsk, samisk, urspråk og teiknspråk)

I høyringsnotatet vert kommunereforma omtala på ein slik måte at den kan ha konsekvensar for levkåra til nynorsken. Eitt alternativ som vert vurdert er å ta i frå fylkeskommunane retten til å gjere eigne språkvedtak. I staden kan dei bli underlagt virkeområda for språklova. Det betyr at dei må følgje dei same reglane som statsorgana.

Det er ikkje framlegg om endringar for kommunane. Dei skal framleis ha full rett til å avgjere eigen praksis.

Omsynet til rekruttering og modernisering av den offentlege sektoren står sentralt. Vi skal tiltrekke oss dei rette fagfolka og då bør ikkje den enkelte si målform vere eit hinder. Vi må oppmode dei nye medarbeidarane om å nytte målforma dei er best i.

Skulane kan gjere eigne vedtak om hovudmål. Her spelar ønskje frå foreldre, skuleleiing, kulturarv og dialekt ei rolle. Som rådmann kan eg ikkje sjå problem med at skulane i Kinn vel ulike hovudmål.

Økonomiske konsekvensar:

«Ikkje aktuelt»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Mållova § 5



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
057/19	Kommunestyret	11.12.2019
004/20	Oppvekst- og kulturutvalet	15.01.2020

Prioritering av spelemidler i 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkomne søknader vert prioritert slik som det går fram av saksutgreiinga. Vedlagt handlingsprogram vert godkjent.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Oversendingsframlegg, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Kommunestyret delegerer til oppvekst- og kulturutvalet å fatte avgjerd i saka og oversende dette til fylkeskommunen innan 15. januar 2020.

Votering:

Oversendingsframlegg frå V v/repr. Nødseth vedtatt mot 3 røyster (MDG og 1 repr. frå AP).

KOST- 057/19 Vedtak:

Kommunestyret delegerer til oppvekst- og kulturutvalet å fatte avgjerd i saka og oversende dette til fylkeskommunen innan 15. januar 2020.

Bakgrunn for saka:

Alle søknader om spelemidler skal sendast til kommunen før dei vert sendt vidare til fylkeskommunen. Kommunen skal kvalitetssikre søknadane og sende dei i prioritert rekkefølge innan 15 januar.

Handlingsprogram for ordinære anlegg og handlingsprogram for nærmiljøanlegg kan rullerast kvart år.

Programma viser kommunen si prioritering av utbygging av anlegg innan idrett og friluftsliv i perioden 2020. Kinn kommune skal også vedta ei prioritert liste over spelemiddelsøknadar kvart år. Til saman dannar handlingsprogramma og prioritert liste grunnlaget for fylket sin fordeling av spelemidler.

Saksopplysningar:

Søknadsfristen for å sende inn søknader til kommunen var sett til 10 oktober for både Vågsøy og Flora kommunar. Ordninga er gjort kjend gjennom heimeside, Facebook og annonse i lokalavisa. Det er i år 37 søknader:

- 16 prosjekt i kategorien **ordinære anlegg**
- 21 prosjekt i kategorien **nærmiljøanlegg**

Det er tre interkommunale anlegg: fotballhallen, turnhallen og badeanlegg i Måløy

Dei fleste anlegga er prosjekt i kommunal regi.

Ikkje alle søknadane er komplette men administrasjonen vil arbeide saman med søkerane for å prøve å få dei i orden før dei skal sendast inn til fylkeskommunen. Fristen for å sende dei frå kommunen til fylkeskommunen er den 15.01.2020.

Nokre prosjekt vil krevje at det vert oppretta investeringsprosjekt som må bli godkjent i kommunen før eventuell oppstart.

Søknader som ikkje er i orden innan fristen vil vi ikkje kunne sende vidare. Søknadane som ikkje vert godkjent vert teken ut av lista og dei andre rykkje opp på prioriteringslista. Nokre av søknadane er avhengig av kommunal støtte for å bli finansiert.

Spelemiddelsøknadane skal prioriterast i to ulike grupper, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Etter at den kommunale fristen gjekk ut, vart det invitert til eit møte 26. november for å få innspel til prioritering av søknader, desse var invitert:

Kinn Idrettsråd interimstyre

(Når Kinn kommune er etablert i 2020 kan det være aktuelt å invitere fleire brukarorganisasjonar)

Vurderingar:

Listene under syner innkomne spelemiddelsøknader for 2020. Prioriteringa er avklart med interimstyret i Kinn idrettsråd på møtet 26. november. Listene er basert på tidlegare prioriteringar i dei to kommunane og på gjeldane prinsipp nedfelt i handlingsprogramma. Døme på denne prioriteringa er:

- Mangfald av idrettsanlegg – store anlegg plassert i nærleik til andre offentlege bygg
- Nærmiljøanlegg skal legges til rett for aktivitet på tvers av kjønn, alder og aktivitet.
 - Nærmiljøanlegg knytt til skular og andre eksisterande anlegg skal prioriterast
- Sentrumsnære grøne lunger vert sikra og nærfriluftslivet prioritert med tanke på merking og gradering

Anlegga på dei ulike skulane er plassert etter kvarandre i kategorien nærmiljøanlegg. Grunnen til dette er at desse anlegga er ferdige og då spelar det mindre rolle kva anlegg kommunen får midlar til først og sist.

Viser elles til vedlagte handlingsprogram for Flora kommune og Vågsøy kommune.

Når det gjeld eit meir heilskapleg handlingsprogram for Kinn kommune er det noko som må arbeidast med i løpet av neste år med sikte på å få det klart til 2021.

	Ordinære anlegg i prioritert rekkefølge
1	Florø stadion - rehabilitering og utviding
2	Spesialhall for Turn - Deknepollen
3	Motorsportsanlegg - varmestove
4	Deknepollvatnet - turvegtrasé
5	Motorsportsanlegg - lager/verkstad
6	Nordfjordbadet - 5 tiltak på basseng

7	Motorsportsanlegg - Trailbane*
8	Vågsøy idrettshall - elektroniske skiver
9	EBU - fleirbrukshall* 4 tiltak
10	Lysanlegg, Brandsøyåsen 4
11	Eikefjord sentrum, turstier Sørmarka
12	Brandsøy - Golfanlegg - 6 hullsbane
13	Havhesten - universell utforming* (rehabilitering)
14	Skatepark ved Florahallen m/ lys
15	Fullskala fotballhall*
16	Elektroniske skyteskiver, Brandsøy skule og grendahus

	Nærmiljøanlegg i prioritert rekkefølge
1	Vågsøy ungdomsskule - parkouranlegg
2	Vågsøy ungdomsskule - badmintonbaner
3	Vågsøy ungdomsskule - sandvolleyballbane
4	Vågsøy ungdomsskule - lys (område B, C, D)
5	Vågsøy ungdomsskule - lys (A, E, F)
6	Vågsøy ungdomsskule - trampoline/rampline (ved trapp)
7	Vågsøy ungdomsskule - bordtennis
8	Vågsøy ungdomsskule - buldrevegg
9	Vågsøy ungdomsskule - ballbane
10	Vågsøy ungdomsskule - 60 meters løpebane
11	Vågsøy ungdomsskule - akebakke
12	Steinhovden nærmiljøanlegg, aktivitetsanlegg 1
13	Steinhovden nærmiljøanlegg, aktivitetsanlegg 2
14	Krokane skule delanlegg 1
15	Krokane skule delanlegg 2
16	Krokane skule delanlegg 3
17	Krokane skule delanlegg 4
18	Krokane skule delanlegg 5
19	Ivahavet (Byggefelt) nærmiljøanlegg
20	Gate 5 (Byggefelt), ballbinge
21	Skavøypoll skule - BMX-bane

Informasjon om kommunale og fylkeskommunale planar

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein styringsreiskap, som saman med handlingsprogrammet skal

sikre målretta utbygging av anlegg. Vi har tre handlingsprogram; handlingsprogram for ordinære anlegg, handlingsprogram for nærmiljøanlegg og eit uprioritert langtidsprogram.

Handlingsprogram

for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, gir anlegg for idrett og fysisk aktivitet rett til å søke tilskotsordninga til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemlidar). Det uprioriterte langtidsprogrammet viser behov for utbygging av anlegg i eit tiårs perspektiv.

Handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, samt langtidsprogrammet er knytt opp mot målsettingar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kvart år kan kommunen rullere handlingsprogramma. Det betyr at anlegg som er tildelt spelemlidar skal takast ut av programmet, og søknadsbeløp og forventa søknadsår oppdaterast.

I reviderte retningslinjer om kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (frå nov.2015), står det; "Rullering kan innebære endringer i prioriteringar, og anlegg fra planens langsiktige del kan overføres til handlingsprogrammet. Rullering av handlingsprogrammet skal gjennomføres med medvirkning av aktuelle brukergrupper og politisk vedtak." Vidare står det under punkt 5.5 om revisjon av planen; "Revisjon skal normalt gjennomføres en gang i hver planperiode. Når det oppstår

behov for å gjøre vesentlige endringer av planen, skal dette behandles på samme måte som revisjon av planen (for eksempel at helt nye større anlegg, eller anlegg som ikke er i samsvar med

planens
målsettinger, tas inn.)"

Lenkje til [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2019](#)

For nokre av prosjekta blir tildelinga styrt av fylkeskommunen sin regionalplan. [Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv](#) er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane ved KS, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane idrettskrins, Forum for natur og friluftsliv og Funksjonshemma sin fellesorganisasjon. Planen skal være eit arbeidsverktøy for alle involverte partar for å fremje fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Sogn og Fjordane. Avdeling for kultur, idrett og inkludering i nye Vestland fylkeskommune tek sikte på å realisere dei politiske måla som er vedtekne i dei regionale kulturplanane i begge fylke.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Revidering av handlingsprogram 2019 - Flora kommune

Revidering handlingsprogram 2020 - Vågsøy kommune



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
058/19	Kommunestyret	11.12.2019

Ny organisasjonsform IKT Nordfjord

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner for sin del vedlagt «Samarbeidsavtale for IKT Nordfjord kommunalt oppgåvefellesskap».

Frå 01.01.2020 endrast organisasjonsforma for IKT Nordfjord til kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova Kapittel 19. Frå same tidspunkt opphøyrer vedtektene for IKT Nordfjord av kommunestyret i Vågsøy kommune frå 2017.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Votering:

Rådmann sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 058/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner for sin del vedlagt «Samarbeidsavtale for IKT Nordfjord kommunalt oppgåvefellesskap».

Frå 01.01.2020 endrast organisasjonsforma for IKT Nordfjord til kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova Kapittel 19. Frå same tidspunkt opphøyrer vedtektene for IKT Nordfjord av kommunestyret i Vågsøy kommune frå 2017.

Bakgrunn for saka:

Rådmannsgruppa i Nordfjord har i eit drygt år arbeidd med ny organisering av IKT Nordfjord. Arbeidet er fullført og klart for politisk handsaming.

Historisk oversyn

Kommunane i Nordfjord, her inkludert Bremanger kommune, har i lang tid hatt eit godt og omfattande samarbeid på nær sagt alle område som har med IKT å gjere. I 2013 vart dette samarbeidet formalisert ved etableringa av *Nordfjordnett*, der kommunane sine IKT-ressursar på driftssida vart samla. Etter ein konkurranse kommunane i mellom vart driftssenteret plassert i Måløy,

med eit backup-senter på Eid. Ultimo 2017 vart det i kommunestyra fatta vedtak om ny organisering av IT-samarbeidet etter kommunelova § 27. Samarbeidet fekk namnet *IKT Nordfjord* med felles dagleg leiar beståande av to einingar, ei for drift, *Nordfjordnett*, lokalisert i Måløy og ei strategieining, *IKT Strategi*, lokalisert på Eid.

Saksopplysningar:

Fakta i saka

Det er to årsakar til at IKT-samarbeidet no treng ny organisering.

Endring av deltakarkommunar

Hornindal kommune har sagt opp avtalen med IKT Nordfjord, Eid og Selje har fatta vedtak om samanslåing, det same gjeld Vågsøy, som i lag med Flora dannar Kinn kommune. Ei endring i deltakarkommunane er etter dagens vedtekter for IKT Nordfjord ei vedtektsendring, noko som treng politisk handsaming.

Ny kommunelov 1

Dagens IKT Nordfjord er heimla i den gamle kommuneloven § 27, *interkommunalt samarbeid*. Dagens ordning har vore kritisert for manglande politisk innsyn og dette er noko av årsaka til at Stortinget har avvikla ordninga.

22. juni 2018 vart ny kommunelov kunngjort. I den nye lova er ikkje samarbeidsforma *interkommunalt samarbeid § 27* vidareført. Sjølv om det er gitt tid til å omorganisere seg, ynskjer rådmannsgruppa å velje ei framtidsretta organisering etter dagens kommunelov.

Den valte samarbeidsforma er valt for å trygge:

- At deltakarkommunane skal ha tilhøve til tett oppfølging og dermed minimere økonomisk risiko og risiko for tenestene.
- At Samarbeidet ikkje er underlagt ei kommune direkte (slik som vertskommunesamarbeid).
- God ressursutnytting og fornuftig kostnadsfordeling.

Samarbeidsforma som i størst grad stettar desse punkta for dei oppgåvene kommunane her skal samarbeide om er skildra i kommuneloven Kapittel 19, *Kommunalt oppgåvefelleskap*.

Samarbeidsforma skil seg frå dagens organisering på særleg på eitt punkt: Eit kommunalt oppgåvefelleskap skal, med bakgrunn i § 19-3, ha eit politisk representantskap med ein representant frå kvar deltakarkommune.

Den nye samarbeidsavtalen

Statuttane for eit kommunalt oppgåvefelleskap har namnet *samarbeidsavtale*. Dagens vedtekter for IKT Nordfjord er lagt til grunn for den nye samarbeidsavtalen.

Samarbeidsavtalen skildrar rettar og pliktar for deltakarane og for samarbeidet, både politisk og administrativt. Ordførar frå kvar deltakarkommune vert som følgje av samarbeidsavtalen del av representantskapet i IKT Nordfjord.

Rådmannen ynskjer å trekke fram kor viktig tett administrativ oppfølging er for ei god forvaltning av dei digitale løysingane i kommunane. Rådmannen si rolle er difor gitt mynde også i den nye samarbeidsavtalen. Dette vert sett på som ein føresetnad for god forankring og styring av samarbeidet.

Som ein konsekvens av det strategiske samarbeidet ser rådmennene fordelar ved å delegere signaturmynde til dagleg leiar av IKT Nordfjord for avtaler som fell under samarbeidet sitt ansvar.

Vurderingar:

Endringane som følgje av ny kommunelov og ny kommunestruktur gjer det naudsynt å gjere endringar på formalitetane rundt IKT Nordfjord.

Rådmannsgruppa i Nordfjord står samla bak dei endringane det no vert gjort framlegg om.

Økonomiske konsekvensar:

Organiseringa av IKT Nordfjord som eit kommunalt oppgåvefelleskap har ingen økonomiske konsekvensar i seg sjølv. Endringa i kommunestrukturen har innverknad, men førebels har rådmannsgruppa konkludert med å la dagens fordelingsnøkkel stå fast, jamfør § 9 i samarbeidsavtalen. I løpet av vår-halvåret 2020 skal det leggjast fram dokumentasjon på kostnadsdrivarar i samarbeidet som grunnlag for vurdering av fordelingsnøkkelen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

1 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-46-l-20172018/id2593519/>

Vedlegg i saken:

Samarbeidsavtale IKT Nordfjordnett des 2019



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
059/19	Kommunestyret	11.12.2019

Vertskommune for ny statleg barnevernsinstitusjon i Florø

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre stiller seg positiv til rolla som ein vertskommune for ein eventuell ny statleg barnevernsinstitusjon i Florø.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar som foranlediget endringsframlegg.

Voting:

Rådmann sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 059/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre stiller seg positiv til rolla som ein vertskommune for ein eventuell ny statleg barnevernsinstitusjon i Florø.

Bakgrunn for saka:

Åse Iren Korneliussen har fått støtte frå Flora kommune og Fellesnemnda i Kinn til eit forprosjekt som ser på mogelighetene for å etablere ein barnevernsinstitusjon i Florø. Ho har også bistand frå Aksello til forprosjektet.

I denne saka skal Kinn kommunestyre ta stilling til om vi ønskjer å vere vertskommune for ein eventuell ny statleg barnevernsinstitusjon i Florø.

Vurderingar:

Barnevernet i Norge er i fokus.

Forsking , tilsyn og utgreiingar fortel om til dels store problem. NTNU skriv i ein rapport frå 20151 at 76 % av born i institusjonar har ulike former for psykiske lidningar eller vanskar. . Det dreier seg om samansette problem; alvorlege åtferdsforstyrringar, angst og depresjon. Av desse er det berre 38% som seier dei fekk hjelp frå spesialisthelsetenesta.

I 2016 fekk vi ei historie som også sat barnevern på kartet i form av saka om "Glasjenta". Ho vart utsett for tvang 87 gonger, og prøvde å ta livet sitt 40 gonger. Fylkesmennene utarbeidde ein

rapport der dei kjem med knusande kritikk både mot den statlege og kommunale tenesta. Det offentlege tenestetilbodet svikta totalt, også den aktuelle ungdomspsykiatriske seksjonen.

I mars 2019 la Helsetilsynet fram resultata frå eit landsomfattande tilsyn². Det vart påvist fleire ulike former for lovbrøt, svikt og forbetringsbehov i 45 av dei 60 undersøkte institusjonane. Det var fleire fellesnemnarar; manglande kompetanse, lite personell og svikt i leiing og rutinar. Då vert det mange born som ikkje får den faglege oppfølginga og tryggleiken dei treng, eller har krav på.

Tidlegare i år kom også Forandringsfabrikken med ein rapport³. Vi les om born som vart utsett for tvang og mangel på kompetanse i mange institusjonar.

Barne og familiedepartementet seier seg samd i at desse funna er særskilte kritiske og er vidare klare på at mange institusjonar må bli betre både med omsyn til kompetanse, struktur og fagleg opplegg. I framlegget til statsbudsjettet for 2020 skriv dei:

«Barn og unge med behov for institusjonstiltak har større og meir komplekse behov enn tidlegare, og dei treng i større grad skreddersydde tiltak og høgare bemanning rundt seg». (Prop. 1 S)

Videre uttales:

«Å tilpasse institusjonstilbodet betre til barnas behov er derfor viktig både for god ressursbruk og for det einskilde barnet».

Det er i lys av denne erkjenninga eg ser at Korneliussen sitt forprosjekt kan vere eit svar på det departementet sjølv søker etter. Å tilpasse institusjonstilbodet opnar for ny tenking og metodebruk i den offentlege barnevernstenesta.

I førebuing til denne saka har eg vore i kontakt med fleire faginstansar om utfordringane. Eg opplever eit samla fagmiljø som peikar på ei ny retning for tenesta. Ord som går igjen er fagleg nytenking, skreddarsaum, heilskap og forskingsbasert miljøterapi og reell brukarmedverknad. Det er desse faglege tilnærmingane som ligg i det omtalte forprosjektet til Korneliussen.

Nokre kan vere urolege for at ein større institusjon kan kome i konkurranse om den kommunale arbeidskrafta. Å realisere ein slik institusjon vil måtte skje i eit godt samarbeid med prosjektorganisasjonen, staten og kommunen. Gjennom kommunal deltaking i neste fase kan vi påverke til dels sjølv. Då treng ikkje fleire statlege arbeidsplassar i kommunen vere negativt, sjølv om vi av og til skulle kjempe om dei same fagressursane. Tvert om og samla sett, trur eg vi blir meir attraktive for dei aktuelle kompetansemiljøa.

For at forprosjektet skal kunne vise til aktuelle vertskommunar for ein ny institusjon, ser ag at Kinn kan vere tent med å vere tidleg ute å klargjere ei slik støtte. Det gjer vi direkte gjennom finansiering av forprosjektet, og no kan vi gjere det ved å melde interesse for vertskommunerolla og deltaking i det vidare arbeidet.

Når denne saka vert skriven er det fleire møte mellom prosjektorganisasjonen og ulike sentrale fagmiljø. Tilbakemeldingane eg har derfrå – gjer ikkje denne saka mindre aktuell. Eg vil hevde det motsatte.

Økonomiske konsekvensar:

Denne fråsegna om vertskommunerolla har ingen direkte økonomiske konsekvensar. Seinare vil kommunal deltaking i prosjektet kunne utløyse arbeidstimar for kommunalt tilsette. Det må vi sjå

som eigeninnsats til føremålet. Kommunen må også vere budd på vidare prosjektfinansiering etter søknad frå prosjektet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
060/19	Kommunestyret	11.12.2019

Interkommunalt samarbeid om helsetenester

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til revidert vertskommuneavtale mellom Stad kommune som vertskommune og Kinn og Stryn kommunar vert godkjend.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Votering:

Rådmann sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 060/19 Vedtak:

Framlegg til revidert vertskommuneavtale mellom Stad kommune som vertskommune og Kinn og Stryn kommunar vert godkjend.

Bakgrunn for saka:

Godkjenning av revidert vertskommuneavtale mellom Stad kommune som vertskommune og samarbeidskommunane Kinn og Stryn.

Saksopplysningar:

Nordfjordkommunane har gjennom fleire år hatt eit samarbeid kring interkommunale tilbod lokalisert ved Nordfjord sjukehus.

Frå 01.01.2020 skjer det endringar knytt til kommunesamanslåingar og det er derfor naudsynt å revidere avtalen før utgangen av 2019.

☐Selje og Eid kommunar slår seg saman til Stad kommune frå 01.01.20.

☐Hornindal går over til Møre og Romsdal frå 01.01.20 og har derfor sagt opp samarbeidsavtalen.

☐Vågsøy kommune skal frå 01.01.20 slå seg saman med Florø kommune – til Kinn kommune. Den geografiske delen av Kinn kommune som er delen av gamle Vågsøy, vil halde fram med samarbeidet etter 01.01.20. Samtidig blir området kring Bryggja grensejustert og vil frå 01.01.20 vere ein del av Stad kommune.

☐Stryn kommune har ingen endringar frå 01.01.20.

For å kunne inngå eit vertskommunesamarbeid, er det krav om å opprette ein skriftleg samarbeidsavtale, og at avtalen skal vedtakast av kommunestyret (kommunelova, § 28-1e). Når

det

frå 01.01.2020 skjer endringar i samarbeidet, er det naudsynt å revidere vertskommuneavtalen. Føremålet med vertskommuneavtalen er avklaring av ansvar, mynde og oppgåvedeling mellom vertskommunen og samarbeidskommunane.

Vurderingar:

Hovudføremålet med denne saka er å revidere samarbeidsavtalen til å gjelde for dei kommunane som er deltakande i samarbeidet frå 01.01.20.

Økonomiske konsekvensar:

Ved oppstarten av det interkommunale samarbeidet i 2013 var det 5 kommuner som deltok i samarbeidet. Fordelingsnøkkel for utgifter har vore 25% likt fordelt på alle kommunene i samarbeidet og 75% etter folketal. På bakgrunn av endingane i kommunestrukturen som omtala over, vil dei økonomiske kostnadane pr kommune bli endra. Den totale kostnaden vil frå 01.01.20 bli fordelt på 3 samarbeidskommunar, mot 5 samarbeidskommunar ved oppstarten i 2013, noko som vil føre til auka kostnader for både Stad, Stryn og Kinn.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Revidert vertskommuneavtale ØH 15.11.2019



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
061/19	Kommunestyret	11.12.2019

Kommunearkivordninga - endring av vedtekter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner for sin del dei nye vedtektene for Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap slik desse ligg føre som vedlegg i saka.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Votering:

Rådmann sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 061/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner for sin del dei nye vedtektene for Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap slik desse ligg føre som vedlegg i saka.

Bakgrunn for saka:

Kommunane og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane slutta seg i fjor til ny organisasjonsform for det

interkommunale samarbeidet Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane. Deltakarane slutta seg samstundes til nye vedtekter for samarbeidet.

I samband med kommune- og regionsreforma og ny kommunelov er det nødvendig å gjere nokre justeringar i vedtektene. Endringane gjeld namn på samarbeidet og deltakarane.

Saksopplysningar:

Endringane i vedtektene er som følgjer:

Namneendring - i tittel og § 1

Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane vert endra til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap. Omgrepet «oppgåvefellesskap» skal etter ny kommunelov brukast i namnet på slike samarbeid.

Deltakarsamansetting - i § 2

Kommunane Førde, Jølster, Gaular, Naustdal, Flora, Vågsøy, Eid, Selje, Leikanger, Sogndal og

Balestrand sluttar å eksistere frå komande årsskifte og vert erstatta av kommunane Sunnfjord, Kinn, Stadt og Sogndal. I tillegg vert Sogn og Fjordane fylkeskommune erstatta av Vestland fylkeskommune. Hornindal kommune vil ikkje lenger vere deltakar i ordninga frå og med 1.1.2020.

Vurderingar:

Representantskapet for Kommunearkivordninga vedtok i møte den 6. november i år samrøystes å tilrå dei nye vedtektene som følgjer saka. Vedtektene må no godkjennast i alle kommunestyra og i fylkestinget, og vedtak om dette bør gjerast i år. Det er viktig at vedtektene vert vedtekne utan atterhald og endringar for å unngå ein ny runde med behandling i kommunestyra og fylkestinget.

Endringane som det no blir gjort framlegg om er ein formalitet for å tilpasse vedtektene ny kommune- og fylkeskommunestruktur og ny kommunelov. Rådmannen har difor ingen merknader i saka.

Rådmannen rår til at Kinn kommunestyre godkjenner for sin del dei nye vedtektene for Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap slik desse ligg føre som vedlegg i saka.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen konsekvensar som følgje av endringar i vedtektene.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Kommunearkivordninga - vedtekter nov 2019



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
062/19	Kommunestyret	11.12.2019

Endring av standardforskrift for hushaldningsavfall

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Standardforskrift for hushaldningsavfall blir vedtatt slik den ligg føre.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Storboss, foreslått av Jan Arve Midtbø, Kinn Senterparti

Kinn kommune utgreier behovet for videreføring av grovavfallsordninga (storboss). Evt. containere i distrikta.

Votering:

Det vart fyrst votert over tilleggsframlegg frå SP v/repr. Midtbø. Tilleggsframlegg falt mot 7 røyster (SP).

Det vart deretter votert over rådmann sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedtatt.

KOST- 062/19 Vedtak:

Standardforskrift for hushaldningsavfall blir vedtatt slik den ligg føre.

Bakgrunn for saka:

NoMil si Standardforeskrift for hushaldningsrenovasjon er revidert i samsvar med gjeldande lover og føreskrifter.

Styret gjorde i sak 19/19 følgjande instilling:

Styret i NoMil innstiller ovanfor kommunane å vedta framlegg til revidert «Standardforskrift for hushaldningsavfall».

Framlegg til revidert forskrift vart lagt ut på høyring 21.06.2019.

Det har kome merknadar til høyringa frå Stryn kommune, Fellesnemnd for Eid og Selje og frå Flora kommune - renovasjonsavdelinga.

Revidert føreskrift og merknadane følgjer som eigne vedlegg.

Saksopplysningar:

Stryn kommune

Kommunen har merknadar til endringa i 4.9.1 der den reviderte versjonen av standardføreskrifta har sett ei grense på 1km til køyrbar heilårsveg for at hytter og fritidshus skal vere omfatta av tvungen renovasjon.

I arbeidet med utbetring av den reviderte føreskrifta har Nomil vurdert at det ville vere ein stor fordel om alle kommunar har same ordninga for hytte og fritidsrenovasjon. Dette gjev ein lik praksis i alle eigarkommunar, som er å føretrekke framfor dagens praksis med fleire ulike ordningar og måtar å fastsette gebyret på.

Grensa på 1 km vart sett ut frå ei vurdering av at sel, støylar og enkle hytter som ligg langt frå veg ikkje vert nytta like ofte og ikkje gjennom heile året, i motsetnad til hytter og fritidshus som ligg nær køyrbar veg med tilgang til andre fasilitetar og annan standard.

Ein kan alternativt vurdere å endre denne grensa til 2 eller 3 km frå køyrbar heilårsveg.

Uavhengig av dette held ein fast ved vurderinga av at det ikkje er rettvís å krevje inn gebyr for støylar som ligg langt frå infrastruktur, som på hytter med annan standard og kort veg til infrastruktur.

Ein kan ikkje sjå at Stryn kommune sin merknad har moment som ikkje allereie er teke med i vurderinga ved revisjon av føreskrifta.

Fellesnemnda for Eid og Selje

Fellesnemnda har merknad om at ein ynskjer å behalde dagens ordning for hytterrenovasjon ut 2020. Dette ville i praksis bety at berre delar av nye Stad kommune skulle ha tvungen renovasjon for hytte og fritid, medan storparten av kommunen ikkje hadde hatt tvungen hytte og fritidsrenovasjon.

Truleg vil dette stri mot normal praktisering av felles kommunale ordningar og brukarane sine oppfatningar av likebehandling. Det er og vanskeleg å sjå ei god løysing på korleis ein i praksis skal kunne handheve dette med omsyn på fakturering m.m.

Vidare vil løysinga frå fellesnemnda medføre at ein vil måtte revidere føreskrifta på nytt i 2020 i alle eigarkommunane.

Ein kan ikkje sjå at fellesnemnda sin merknad har moment som ikkje allereie er teke med i vurderinga ved revisjon av føreskrifta.

Flora kommune – renovasjonsavdelinga

Dei tilsette i avdelinga har kome med 10 merknader.

Marknad til §1 går på skilje mellom innkøyrd hushalds- og næringsavfall. Innkøyring må gjennomførast slik at registrering og avrekning kan utførast, og skiljet mot sjølvkostområdet må kunne dokumenterast, og ein ser ikkje det som nødvendig å påpeike dette særskild i føreskrifta. Når det gjeld merknad til §2 ser ein ikkje at det kan pålegge å etablere felles bosshus sjølv om fleire enn 5 bueiningar er samla. Ein ser likevel at det i samband med godkjenning av nye byggesøknader vert teke omsyn til sikker tilkomst og tilrettelagt areal slik at ordinær avfallshandtering kan utførast på ein trygg og effektiv måte.

Merknader til §§ 2,6 og 9 er knytt til vegtype og vurdering av standard, utplassering av oppsamlingsutstyr, noko som er grundig vurdert i utkast til ny føreskrift.

Krav til køyreveg er definert i §10 og gjeld uavhengig av om det er offentleg veg eller i særskilte høver privat veg.

Utplassering av oppsamlingsutstyr ved veg seinast kl. 06:00 kan føre til at utstyret vert sette ut dagen før, noko som kan føre til utfordringar i samband med snøbrøyting og strøing.

Dette kan i tillegg til dårleg veir gjere skade på utstyret eller annan eigedom, og kunne føre til redusert tryggleik for biltrafikk og mjuke trafikantar.

NoMil har etter særskild søknad tilbydd abonnentar med vesentleg nedsette funksjonsevne ordinær renovasjonsordning når dette kan utførast innanfor rimelege grenser.

Det er no fremma forslag om at oppsamlingsutstyret skal stå på ein plass som er godt synleg frå

renovasjonsbilane for å redusere risiko for manglande tømning i samband med bruk av vikarar eller andre sjåførar o.l.

Merknad til §9 om brøyta og eventuelt strødd på vinterstid er medteke i føreskrifta.

Til slutt er det forslag om ny paragraf knytt til vegstandard, vedlikehald, kommunale budsjett og prioriteringar på vedlikehald, snøbrøyting og strøing.

Det vert gjort framlegg om å ta med innspel om vedlikehald og fjerning av skog og kratt langs vegane for å sikre tryggleiken til renovasjonsbilane og andre trafikkantar i den revidert føreskrifta i 5. setning i § 10 2 avsnitt.

Administrerende direktør si tilråding:

Styret i NoMil innstiller ovanfor kommunane å vedta endeleg framlegg til revidert «Standardforskrift for hushaldningsavfall».

Styret sitt vedtak:

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Revidert standardforeskrift for hushaldningsavfall

Nordfjord Miljøverk IKS / Revidert standardforeskrift for hushaldningsavfall



Arkiv: TI-&15, FE-037
JournalpostID: 19/920
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 26.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/19	Kommunestyret	11.12.2019

Val av representant til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter - Supperingsval

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande blir vald som 5. medlem og varamedlem til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter:

Medlem:

Varamedlem:

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Varaordførar fremma utsettingsframlegg.

Votering:

Utsettingsframlegg vedtatt mot 4 røyster (V).

KOST- 063/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn for saka:

Det må veljast eit medlem og eit varamedlem til til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter.

Saksopplysningar:

Det vart i kommunestyremøte 06.11.2019 i sak 041/19 *Val av representantar til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter* gjennomført val og fatta følgjande vedtak:

Følgjande blir vald som medlemmer og varamedlemmer til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter:

Leiar:

Ronny Cassels (AP)

Vara:

Elna Berge (AP)

Nestleiar:

Fredrik S. Egeberg (SP)

Vara:

Vivian Norstrand (V)

Medlem:

Marie Jensen (SV)

Vara:

Odd Bovim (MDG)

Medlem:

Gustav Johan Nygård (KRF)

Vara:

Line Sundal (H)

Virketid: 2 år.

Funksjonstida tek til 01.01.2020.

Det skulle egentleg ha vore vald 5 medlemer og varamedlemer. Derfor kjem saka opp som suppleringsval for val av det 5 medlem og varamedlem.

Vurderingar:

Det må veljast 5. medlem og varamedlem til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Val av representantar til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter



Arkiv: FE-033, TI-&70, TI-&15, HIST-F17/577
JournalpostID: 19/983
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre Larsen
Dato: 04.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
064/19	Kommunestyret	11.12.2019

Val av politisk valde representantar til rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande vert vald som politisk valde medlemmer i kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

- 1.
- 2.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Et brukerråd, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

Ett brukerråd - mere brukermedvirkning

Forslag Kinn Arbeiderparti.

Ap foreslår at rådet for mennesker med funksjonsnedsettelse og eldrerådet slås sammen til et (1) brukerråd med ansvar for mennesker med særlige behov. Ansvar og mandatet må gjelde brukere av offentlige tjenester i alle aldre og livsfaser, men skal ikke erstatte rådsorganene i skoleverket.

Kinn Ap mener at et brukerorgan vil forenkle deres tilgang og muligheter for deltakelse i kommunale plan- og utviklingsprosesser. Dermed kan brukerrådet bli mer slagkraftig og styrke sin påvirkning.

Begge de nåværende rådene har sammenfallende arbeidsoppgaver og retningslinjer. Forskrift til kommunelov § 4 sier at kommunen har anledning til å opprette et felles råd.

Ved en sammenslåing ser vi for oss effektivisering og forenkling i prosesser når det er behov for innspill og høring fra brukere og deres organisasjoner. Vi ser for oss at halvparten av medlemmene i utvalget må ha fylt 60 år og at det bes om innspill fra aktuelle interesseorganisasjoner for å sikre at ulike brukergrupper og interessegrupper blir representert utvalget.

Et bredere brukerorgan kan bidra til økt demokratisering av politiske prosesser i Kinn kommune.

Et aktivt brukerråd forutsetter at rådet gis et tydelig mandat av kommunestyret og nok ressurser til å kunne spille en proaktiv rolle for brukerne av offentlige tjenester. Rådet må arbeide for større åpenhet og ha blick for økt kvalitetssikring i tjenester.

Brukerrådet bør, som rådene i dag, følge kommunestyreperioden og være sammensatt av en «50:50» fordeling av representanter fra brukerorganisasjoner og folkevalgte/representanter fra politiske partier.

Varaordfører fremma utsettingsframlegg.

Votering:

Utsettingsframlegg vedtatt mot 4 røyster (V).

KOST- 064/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn for saka:

Det skal veljast 2 medlemmer som er politisk valde til kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

I dokumentet «Politisk organisering» handama i Kinn kommunestyre 25.09.2019 står det i pkt. 6.7 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

- a) Rådet har sju medlemmer og i tillegg varamedlemmer. Av dei sju medlemmane er det 5 representantar som vert valde av organisasjonane til diagnosegrupper som kjem under "nedsett funksjonshemming"*
- b) To medlemmer er politisk valde. Val: Jf. kl. § 35. Leiar og nestleiar skal veljast av kommunestyret*
- c) Vararepresentantane for dei som er valde blant dei eldre, vert valde i nummerert rekkefølge*
- d) Vararepresentantane for dei som er politisk valde, vert valde separat, og er personlege for den enkelte politisk valde representant.*
- e) Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Rådet har rett til å få framlagt alle saker som er av samfunnsmessig og prinsipiell tyding for denne gruppa sine levekår i kommunen. Jf. § 1 i Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette skal skje før hovudutval, formannskap og bystyre gjer endeleg vedtak i slike saker.*

Vurderingar:

Kommunestyret vel 2 politisk valde medlemmer til kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Kinn.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/19	Kommunestyret	11.12.2019

Politisk møteplan for 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteplan for 2020 vert vedteke slik den ligg føre.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Fellesframlegg frå gruppeleiarane, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

- 1) HUL-møta utgår. I staden skal dei utvalsleiarane som ikkje er medlemmar i formannskapet delta i arbeidsmøta til formannskapet.
- 2) Det skal vere møte i hovudutvala 15. januar. Utvala skal ha minst 8 møte i året, og fastset sjølve dato for møta som ikkje framgår av planen.
- 3) Kommunestyret skal ha møte 22. januar og 15. september. Novembermøtet vert endra til 10. november. I desember skal kommunestyret ha møte over to dagar, 17. og 18. desember.
- 4) Ordførar avgjer kva stad møta skal vere, i tråd med prinsippet om veksling mellom Måløy og Florø.

Votering:

Felles framlegg frå gruppeleiarane samrøystes vedtatt.

KOST- 065/19 Vedtak:

Møteplan vert godkjent med følgjande endringar/tillegg:

- 1) HUL-møta utgår. I staden skal dei utvalsleiarane som ikkje er medlemmar i formannskapet delta i arbeidsmøta til formannskapet.
- 2) Det skal vere møte i hovudutvala 15. januar. Utvala skal ha minst 8 møte i året, og fastset sjølve dato for møta som ikkje framgår av planen.
- 3) Kommunestyret skal ha møte 22. januar og 15. september. Novembermøtet vert endra til 10. november. I desember skal kommunestyret ha møte over to dagar, 17. og 18. desember.
- 4) Ordførar avgjer kva stad møta skal vere, i tråd med prinsippet om veksling mellom Måløy og Florø.

Bakgrunn for saka:

Sak om politisk møteplan for Kinn kommune 2020 blir lagt fram for handsaming i kommunestyret.

Saksopplysningar:

Formannskapet i Kinn gjorde i sak F- 012/19 følgjande vedtak:

- 1. Organisering av møteverksemd for politisk arbeid i Kinn kommune blir gjennomført slik det kjem fram av denne saka.*
- 2. Prinsipp for oppsett av politisk møteplan for Kinn kommune.*
 - a. Kommunestyremøta vert gjennomført på dagtid. og det skal vere minimum 6 møte i året, og ev. fleire etter behov.*
 - b. Formannskapet skal ha månadlege møter, med unntak av juli og august. 4 av desse skal vere arbeidsmøter der politikk og administrasjon tek opp og diskuterer aktuelle saker. Møta gjennomførast på dagtid. Budsjettarbeid kan auke frekvensen.*
 - c. Hovudutvala i Kinn skal ha 5 - 9 møter i året. Dette kan variere frå utval til utval. Møta gjennomførast på dagtid.*
 - d. Det skal vere formannskapsmøte minst 7 dagar før kommunestyremøte.*
 - e. Det skal vere hovudutvalsmøte minst 7 dagar før formannskapsmøte.*
 - f. HUL-møter, utvalsleiar møter med administrasjonen, skal haldast 2 veker før hovudutvalsmøter.*
 - g. Formannskapet skal vere på torsdagar.*
 - h. Kommunestyret og hovudutvala skal vere på tysdagar.*
 - i. Hovudutvala fastset temadagar sjølv.*

Den møteplanen som no blir lagt fram følgjer desse prinsippa med nokre unntak. Dette er:

- Folkevaldopplæring/politikardag er lagt på ein måndag.
- Møte i utvala i mars er lagt til onsdag (1 april). Dette grunna felles formannskapsmøte i Kyrstrådet på aktuelle tysdag.
- Det er lagt inn 2 arbeidsmøter i formannskapet, ikkje 4 slik det kjem fram av sak 012/19.

Bak kvar møtedato står det ein bokstadskode. Desse står for:

M Måløy
F Florø
V Video

Det er lagt opp til følgjande tidspunkt for møta:

Kommunestyret, formannskapet og utvala.

Måløy 1000 – 1530. Kan evt. vare lenger eller kortare ved behov.

Florø 0900 – 1530. Kan evt. vare lenger eller kortare ved behov.

Todagers møte i kommunestyret starter kl. 0900 dag 1 og vare til kl. 1530 dag 2.

Vurderingar:

Slik som møteplanen no er lagt får vi 6 relativt like periodar med politisk arbeid i Kinn. Dette vil gjere det føreseielege både for politisk nivå, innbyggjarar og administrasjonen. Noko som igjen er viktig for kommunen si evne til å arbeide effektivt, både i høve til minst mogleg resursbruk og til produksjon av saker/vedtak.

Hovudutvalsleiar møtet (HUL) blir viktig i forkant av kvar periode. På desse møta får ordførar ei god oversikt over sakene, og kan saman med utvalsleiarane og rådmannen bli samde om korleis sakene skal handsamast i det politiske systemet. Slik som møteplanen er lagt vil kvart HUL møte kunne sjå på kommande saker til både utvala, formannskapet og kommunestyret.

Det er lagt til rette for at ein skal kunne rapportere til politisk nivå pr. tertial. Vidare er det teke høgde for handsaming av økonomiplan og handlingsplan.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Politisk møteplan for 2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
066/19	Kommunestyret	11.12.2019

Godkjenning av vedtekter for Florø hamn KF Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene vert godkjend slik dei ligg føre

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Varaordførar fremma utsettingsframlegg.

Votering:

Utsettingsframlegg vedtatt mot 4 røyster (V).

KOST- 066/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Vurderingar:

Saksutgreiinga er lik for alle føretaka.

Det er gjort følgjande endringar i vedtektene.

- Føremål og ansvarsområdet er justert og speglar den nye kommunen som føretaket sitt ansvarsområdet og nedslagsfelt
- KF-nemninga i namnet vert likt for alle, XX KF Kinn kommune. Det følgjer systemet for namnesetting elles i kommunen. Først kva det er, deretter organisasjonsforma. Kinn kommune må vere med i den formelle delen av namnet jamfør føretaksnamnelova § 2-2, tredje siste ledd
- Alle styra har etter vedtektene fem medlemmer. Kommunestyret valde fire. Det femte er den tilsette sin representant/vald av.
- Tilsettingsmynde er no i samsvar med ny kommunelov (§§71 og 72). Styret tilset dagleg leiar. Dagleg leiar tilset anna personale
- Ny § 15; Honorar til styret vert vedtatt i samband med kommunestyret si handsaming av

godtgjersleregulativ i Kinn kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova kap. 11

Vedlegg i saken:

Florø hamn KF, vedtekter



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/19	Kommunestyret	11.12.2019

Godkjenning av vedtekter for Havhesten KF Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene vert godkjend slik dei ligg føre

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Varaordførar fremma utsettingsframlegg.

Votering:

Utsettingsframlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 067/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Vurderingar:

Saksutgreiinga er lik for alle føretaka.

Det er gjort følgjande endringar i vedtektene.

- Føremål og ansvarsområdet er justert og speglar den nye kommunen som føretaket sitt ansvarsområdet og nedslagsfelt
- KF-nemninga i namnet vert likt for alle, XX KF Kinn kommune. Det følgjer systemet for namnesetting elles i kommunen. Først kva det er, deretter organisasjonsforma. Kinn kommune må vere med i den formelle delen av namnet jamfør føretaksnamnelova § 2-2, tredje siste ledd
- Alle styra har etter vedtektene fem medlemmer. Kommunestyret valde fire. Det femte er den tilsette sin representant/vald av.
- Tilsettingsmynde er no i samsvar med ny kommunelov (§§71 og 72). Styret tilset dagleg leiar. Dagleg leiar tilset anna personale
- Ny § 15; Honorar til styret vert vedtatt i samband med kommunestyret si handsaming av godtgjersleregulativ i Kinn kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:
Kommunelova kap. 11

Vedlegg i saken:
Havhesten KF, vedtekter



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/19	Kommunestyret	11.12.2019

Godkjenning av vedtekter for Kinn utdannings- og ressurscenter KF Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene vert godkjend slik dei ligg føre

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt
§7 pkt 3. siste setning strykast

Nytt namn, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Stryke "Kinn kommune" i namnet.

Varaordfører fremma utsettingsframlegg.

Votering:

Utsettingsframlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 068/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Vurderingar:

Saksutgreiinga er lik for alle føretaka.

Det er gjort følgjande endringar i vedtektene.

- Føremål og ansvarsområdet er justert og speglar den nye kommunen som føretaket sitt ansvarsområdet og nedslagsfelt
- KF-nemninga i namnet vert likt for alle, XX KF Kinn kommune. Det følgjer systemet for namnesetting elles i kommunen. Først kva det er, deretter organisasjonsforma. Kinn kommune må vere med i den formelle delen av namnet jamfør føretaksnamnelova § 2-2, tredje siste ledd
- Alle styra har etter vedtektene fem medlemer. Kommunestyret valde fire. Det femte er den

tilsette sin representant/vald av.

- Tilsettingsmynde er no i samsvar med ny kommunelov (§§71 og 72). Styret tilset dagleg leiar. Dagleg leiar tilset anna personale
- Ny § 15; Honorar til styret vert vedtatt i samband med kommunestyret si handsaming av godtgjersleregulativ i Kinn kommune.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova kap. 11

Vedlegg i saken:

Kurs KF, vedtekter



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/19	Kommunestyret	11.12.2019

Godkjenning av vedtekter for Bordgleder KF Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene vert godkjend slik dei ligg føre

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Varordførar fremma utsettingsframlegg.

Votering:

Utsettingsframlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 069/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Vurderingar:

Saksutgreiinga er lik for alle føretaka.

Det er gjort følgjande endringar i vedtektene.

- Føremål og ansvarsområdet er justert og speglar den nye kommunen som føretaket sitt ansvarsområdet og nedslagsfelt
- KF-nemninga i namnet vert likt for alle, XX KF Kinn kommune. Det følgjer systemet for namnesetting elles i kommunen. Først kva det er, deretter organisasjonsforma. Kinn kommune må vere med i den formelle delen av namnet jamfør føretaksnamnelova § 2-2, tredje siste ledd
- Alle styra har etter vedtektene fem medlemmer. Kommunestyret valde fire. Det femte er den tilsette sin representant/vald av.
- Tilsettingsmynde er no i samsvar med ny kommunelov (§§71 og 72). Styret tilset dagleg leiar. Dagleg leiar tilset anna personale
- Ny § 15; Honorar til styret vert vedtatt i samband med kommunestyret si handsaming av

godtgjersleregulativ i Kinn kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova kap. 11

Vedlegg i saken:

Bordgleder KF, vedtekter



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/19	Kommunestyret	11.12.2019

Vedtekter for kommunale barnehager i Kinn kommune

1. **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Dei kommunale barnehagane i Kinn kommune får nye vedtekter som skal gjelde frå 01.01.2020.
2. Dei nye vedtektene har vore på høyring, og innspel er innarbeida i vedtektene.

Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Kinn, med innarbeida høyringsinnspel , vert vedtatt slik dei ligg føre.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Endringsframlegg frå Raudt, foreslått av Sunniva Audardottir Oldeide, Kinn Rødt

Endringsforslag i vedtektene:

§ 4 «inntil 8,75 t kvar dag»

Endringsframlegg frå Venstre, Senterpartiet, Arbeiderpartiet og Høgre, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn Senterparti

Framlegg til vedtak sak 070/19 Vedtekter for kommunale barnehager i Kinn.

Tilleggs punkt under § 6.

Barnefamilier som er avhengig av båt, for å komme seg til barnehage, samt barnefamilier distrikt utan eksisterande barnehagestilbod skal få prioritet i valg av barnehage.

Votering:

Felles endringsframlegg frå V, SP, AP og H samrøystes vedatt.

Endringsframlegg frå Raudt v/repr. Oldeide falt mot 6 røyster (Raudt og SV).

Rådmann sitt framlegg til vedtak, med endringar vedtatt av kommunestyret, samrøystes vedtatt.

KOST- 070/19 Vedtak:

1. Dei kommunale barnehagane i Kinn kommune får nye vedtekter som skal gjelde frå 01.01.2020.
2. Dei nye vedtektene har vore på høyring, og innspel er innarbeida i vedtektene.

Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Kinn, med innarbeida høyringsinnspel, vert vedtatt

slik dei ligg føre.

Tilleggspunkt under § 6.

Barnefamilier som er avhengig av båt, for å komme seg til barnehage, samt barnefamilier distrikt utan eksisterande barnehagetilbod skal få prioritet i valg av barnehage.

Bakgrunn for saka:

Det er utarbeida eit forslag til nye vedtekter for dei kommunale barnehagane i Kinn kommune som skal vere gjeldane frå 01.01.2020. Vedtekter for barnehage er ei kommunal forskrift, og har vore til offentleg høyring.

Vedlegg i saken:

Vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn kommune - sak til KS 11.12.19 - saksdokument

2019-12-02 oppdatert etter høyringsinnspel UTKAST Vedtekter for barnehagane i Kinn kommune

UTKAST Vedtekter for barnehagane i Kinn kommune

Høyringsuttale - Utkast til vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn kommune (L)(984739)

Svar på høring kommunale vedtekter barnehage - personalet i Holvik barnehage (L)(187267)

Svar på høring kommunale vedtekter barnehage - Prosjekt Øyane (L)(187469)

Svar på høring kommunale vedtekter barnehage - Utdanningsforbundet Vågsøy (L)(187466)

Svar på høring kommunale vedtekter barnehage- utdanningsforbundet Vågsøy og Klubben i Holvik (L)(187266)

Svar på høring kommunale vedtekter barnehage - personalet i Skavøypoll barnehage (L)(187269)

Høyringsuttale Havrenes bhg



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/19	Kommunestyret	11.12.2019

Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Flora Hamn KF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kinn kommunestyre godkjenner drifts- og investeringsbudsjett 2020, økonomiplan 2020-2023 og handlingsplan 2020 slik det ligg føre.»

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Votering:

Rådmann sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 071/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner drifts- og investeringsbudsjett 2020, økonomiplan 2020-2023 og handlingsplan 2020 slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

«Skriv her»

Saksopplysningar:

«Skriv her»

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Drifts- og investeringsbudsjett 2020

Framlegg til økonomiplan Flora hamn KF 2020-2023

Framlegg til driftsbudsjett Flora hamn KF 2020

Handlingsplan for Flora hamn KF 2020

Framlegg til investeringsbudsjett Flora hamn KF 2020

Økonomiplan for Flora hamn KF 2020-2023



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/19	Kommunestyret	11.12.2019

Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Havhesten KF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner Havhesten KF sitt budsjett og handlingsprogram for 2020 slik det ligg føre, samt økonomiplan 2021 – 2023.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Styreleiar Anders Ole Sunnarvik orienterte.

Votering:

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

KOST- 072/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner Havhesten KF sitt budsjett og handlingsprogram for 2020 slik det ligg føre, samt økonomiplan 2021 – 2023.

Bakgrunn for saka:

Kva saka gjeld: Budsjett 2020 (kontospesifisert vedlegg) økonomiplan og handlingsprogram.

Saksopplysningar:

Det er lagt opp til ca. fire månadar driftsperiode i 2020. Havhesten starta prosjektet med rehabilitering/ombygging 20.oktober 2019. Personalet er flytta til andre kommunale tenester i byggeperioden, samt at det er gitt permisjon for dei som har fått arbeid utanom kommunal drift.

Vurderingar:

Prosjektet skal være sjølvfinansierande i kommersiell drift utover den faste driftsstøtta som ligg i Kinn kommune sin økonomiplan.

Økonomiske konsekvensar:

Prosjektet er kostnadsregna til ca. 52 mill. kroner brutto inkl. mva., og finansiert gjennom låneopptak, momskompensasjon og spelemidlar. Det er 1,58 mill. for skulesymjing og 1,60 mill. i generell driftstøtte. Det er i 2020 budsjettert med 1,40 mill. kroner ii finanskostnader (post 15111 i vedlagt budsjett) med rente/avdragsfaktor 6 %. Det harmoniserer til inngåtte leverandøravtalar

og fortløpande behov for uttak av lånemidler i anleggsperioden gjennom 2020. Styret har i stengeperioden redusert personalkostnader i budsjettet for 2020 med ca. 66 %. Kst. dagleg leder og teknisk leder i Havhesten KF arbeider i heile byggeperioden i prosjektet og er lønnsfinansiert av prosjektmidler for perioden 01.01.2020 til 31.08.2020. Estimert opningsdato er sett til 01.09.2020.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Økplan 2021-2023

Budsjett 2020

Handlingsprogram 2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/19	Kommunestyret	11.12.2019

Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 KURS KF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner framlegg til budsjett, handlingsplan og økonomiplan slik det ligg føre, med følgjande tillegg:

Styret ber kommunestyret om å tilføre midlar til drifta, for å sikre at vi kan realisere ambisjonane for kvalitet og utvikling i føretaket. Styret meiner at driftsbudsjettet bør vere 2,5 - 3 mill. kr større i 2020, for å kunne halde på nødvendig kompetanse og levere gode tenester i tråd med føretaket sitt føremål. Dette er særleg viktig i ein krevjande nedbemanningssituasjon. Om dette blir vedtatt, vil styret justere budsjettet tilsvarende.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Endringsframlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Kinn kommunestyre godkjenner framlegg til budsjett, handlingsplan og økonomiplan slik det ligg føre.

Votering:

Endringsframlegg frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedtatt.

KOST- 073/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner framlegg til budsjett, handlingsplan og økonomiplan slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Styret skal legge fram budsjett, handlingsprogram og økonomiplan for formannskap og kommunestyre til godkjenning. Dagleg leiar sitt framlegg blir presentert her.

Saksopplysningar:

Kinn utdannings- og ressurscenter - KURS KF - er eit kommunalt føretak med føremål å samordne all kommunal innsats på flyktning- og innvandrarfeltet. Hovudarenaene for dette er kommunal busetting og integrering av flyktningar, og opplæring i norsk, samfunnskunnskap og grunnskulefag for ungdommar og vaksne innvandrarar. Det er førbels heilt uvisst om vi får drive asylmottak. KURS

er ei utviding av det tidlegare Innvandrarsenteret, ved at dei tilsette på dette feltet frå Vågsøy er blitt ein del av det nye føretaket frå 1.1.20. Dei tilsette har kontor, og elevar har klasserom, i Florø idrettssenter og på Måløy Brygge. Nokre elevar får opplæring ved Måløy vgs, Flora vgs. og Firda vgs. 1.1.2020 vil det bu til saman om lag 265 flyktningar som løyser ut integreringstilskot i Kinn, dvs. at dei har budd her i fem år eller mindre. I 2020 kjem dei 36 flyktningane vi er bedne om å busette i løpet av året, pluss ev. familiegjenforeningar. Føretaket vil ved årsskiftet ha om lag 150 elevar i vaksenopplæringa, der om lag 85 av dei får introduksjonsprogram. I løpet av 2020 vil om lag 40 bli ferdige med programmet, og kanskje 15 nye komme til. I august vil elevtalet truleg vere rundt 120, med om lag 50 i introduksjonsprogram. Føretaket vil i starten av året ha nær 39 årsverk fordelt på 43 tilsette (7 i prosjekt).

1.januar 2019 budde det 1671 innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre i Flora, og 752 i Vågsøy, til saman 27 færre enn i 2018. Det var 14 % av folketallet i Flora og 12,6% av folketallet i Vågsøy. Dei største gruppene var frå Polen (423 til saman), Syria (178), Sri Lanka (167), Litauen (138), Somalia (127), Thailand (117), Romania (113) og Eritrea (100). Om lag 37 % av innvandrarane har flyktningbakgrunn, men fleirtalet er arbeidsinnvandrarar eller har opphald av andre grunnar. Sjå elles statistikk på denne lenka: <https://www.imdi.no/tall-og-statistikk/>

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Budsjett og handlingsprogram 2020, økonomiplan 2021-2023 KURS KF (982948)

Oppmoding om busetjing av flyktningar i 2020 (L)(977134) (1)



Arkiv:

JournalpostID: 19/919

Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen

Dato: 26.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
074/19	Kommunestyret	11.12.2019

Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Bordgleder KF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner budsjett og handlingsprogram for Bordgleder KF slik det ligg føre.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 074/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner budsjett og handlingsprogram for Bordgleder KF slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

«Skriv her»

Saksopplysningar:

«Skriv her»

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Budsjett og handlingsprogram Bordgleder KF



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/19	Formannskapet	21.11.2019
075/19	Kommunestyret	11.12.2019

Økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar rådmannen sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2020–2023
2. Økonomiplan drift 2020-2023 vert vedteke i samsvar med rådmannen sitt utkast i Bevilgningsoversikter – drift, skjema 1a og 1b (§ 5-4)
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele lønsreserven på dei enkelte tenesteområda
4. Økonomiplan investering 2020-2023 vert vedteke i samsvar med rådmannen sitt utkast i Bevilgningsoversikter – investering, skjema 2a og 2b (§ 5-5)
5. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp lån til investeringar og konserninterne utlån inntil kr 381 217 000. Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtekne låneramma
6. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidareutlån inntil kr 25 000 000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.
7. Kommunestyret godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året. Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån til nye lånevilkår og løpetid, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument
8. Kommunestyret godkjenner betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2020 slik det går fram av rådmannen sitt budsjettutkast
9. Skatt på inntekt og formue blir likna ut i samsvar med dei maksimalsatsar Stortinget vedtek
10. Med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3, og med bakgrunn i lovforslaget om ny overgangsbestemmelse i eigedomsskattelova § 13 tredje ledd for samanslegne kommunar, vert fylgjande vedtak fatta om eigedomsskatteutskrivinga:
Utskrivingsalternativ, skatt skal skrivast ut på:
 - Tidlegare Flora: fast eigedom i heile kommunen (esktl. § 3 a).
 - Tidlegare Vågsøy: fast eigedom i heile kommunen (esktl. § 3 a).Særskilte skattegrunnlag, det vert skrevet ut skatt på dei særskilte skattegrunnlaga i dei to tidlegare kommunane redusert med 2 sjuandepartar i 2020 (overgangsregel til ekstl. §§ 3 og 4 første ledd første pkt.).
Skattesatsar:
 - Tidlegare Flora: Generell skattesats: 5 promille, skattesats for bustad/fritid 4 promille
 - Tidlegare Vågsøy: Generell skattesats 5 promille, skattesats for bustad/fritid 5 promilleAntall terminar: Eigedomsskatt skal betalast over 4 terminer (esktl. § 25) med same terminforfall

som for kommunale avgifter.

For å samordne skattetakster i tidlegare Flora og Vågsøy kommune til Kinn kommune vert det sett i gang omtaksering av all eigedom snarleg (etter utskrivingsalternativ § 3 a) med plan om å ha nye takstar på plass for skatteåret 2021.

Nyoppført bygning som vert nytta til bustader fritakne etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 3 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Flytebrygger skal fritakast for eigedomsskatt med heimel i § 7 bokstav a i eigedomsskattelova. Fritaket gjeld ikkje bryggeanlegg som vert drive på kommersiell basis.

Det kan verte gjeve fritak for eigedomsskatt etter søknad for organisasjonar som driv ideel, frivillig og ikkje forretningsmessig verksemd

11. Kinn kommunestyre startar opp arbeidet med ny forskrift om opptaksområde for Kinn kommune med sikte på innlemming av Solheim skule og Steinhovden skule i andre opptaksområde frå hausten 2020

12. Gjennom året skal rådmannen legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling

Det skal i 2020 settast i verk ENØK-prosjekt i kommuna med sikte på strømsparing og energieffektivisering. Det vert lagt til grunn at det i løpet av 2021 skal kunne takast ut ein sparingseffekt på minst kr 500.000, og ein vil komme tilbake til korleis dette kan aukast ytterlegare etter dette (fotnote 3 i tabell, vedtakspunkt 2).

21. «Merkantilt prosjekt» skal inneber ei samordning av merkantile tenester i dei to delane av kommunen. Det vert lagd til grunn at dette kan medføre ei innsparing på området (fotnote 4 i tabell, vedtakspunkt 2).

22. Kommunen skal bruke eigne personalressursar i vikarpool og avgrense bruk av vikarbyrå til eit minimum. Salderinga på dette punktet skal brukast til å redusere vikarbyråbruken med 1.500.000 i 2020, deretter fjernast bruk av vikarbyrå i 2021 og 2022. Det leggjast til grunn at desse midlane skal gå til å styrke lovpålagd helsestasjonsteneste med kr 500', resterande helseteneste med 500' (fotnote 5 i tabell, vedtakspunkt 2).

23. Det er lagt til grunn ein samordningsgevinst ved å kunne administrere tenesta under eitt i heile Kinn kommune. Dette kan referere seg til eitt årsverk etter samordning i 2021 (fotnote 6 i tabell, vedtakspunkt 2).

24. Sentraladministrasjonen vert pålagd ein generell saldering på kr 1.500.000, kor det ert vist til moglege administrative. For både administrativ og politisk nivå gjeld prinsippet om at all møte verksemd vert gjennomført i eigen kommune, samt at ein nyttar kommunen sine lokalar. Elektroniske møter skal alltid vurderast ved møter mellom politikk og administrasjon i nordre og søndre del av kommunen (fotnote 7 i tabell, vedtakspunkt 2).

25. Det skal gjerast ein kritisk gjennomgang av all kommunal eigd bygningsmasse i løpet av 2020, med sikte på å vurdere avhending for å redusere samla mengde kommunal eigedom. Slik kan ein effektivisere meir innan teknisk, bygg og eigedom. Dette gjeld óg idrettssektoren, der organisasjonane, bedriftene og bygdelaga i kommunen må involverast og ha ein høg grad av påverknad. Kinn kommune må jobbe aktivt for å involvere breiast mogleg og tidlegast mogleg, slik

at vi kan hente snarlege samskapingseffektar på fleire område i kommunen vår (fotnote 8 i tabell, vedtakspunkt 2).

26. Flora kommune har hatt ein avtale med dei 5 nærbutikkane i Flora om å være kommunale servicepunkt. Ordninga inneber at nærbutikkane yter enkel service til folk ute i disktrikta, m.a utdeling av medisindosettar. Dette bidreg til å avlaste kommunen både økonomisk og praktisk. Kinn kommune ønskjer å fortsette med denne avtalen, og innvilger kr 50.000,- pr butikk pr år i økonomiperioden 2020 - 2023 (fotnote 9 i tabell, vedtakspunkt 2).

27. Som andre sektorar må også skulene omstille seg og tåle rammekutt som skissert av rådmannen. For dei to første åra er det ønskeleg å leggje opp til ein noko mjukare overgang, slik at rammekutta vert å redusere med 2 mill. i 2020 og med 500' i 2021, som vert å fordele på ramma (fotnote 10 i tabell, vedtakspunkt 2).

28. Det vert lagt til grunn at effekten på endringar i investeringane tilsvarande 7 %, og at dette er tatt inn i salderinga. Unntaket gjeld for framskunding av idrettshall. Bruk av gåvemidlar dei første åra tilseier at effekten her vert uendra (fotnote 11 i tabell, vedtakspunkt 2).

29. Kommunen legg til grunn at ein vil bli kompensert for inndelingstilskot, Sør-Norge-tillegg og tap av Bryggja frå 2020. Det er lagt opp til ein nøktern kompensasjon for dette (fotnote 12 i tabell, vedtakspunkt 2).

30. Finanskostnader – renteutgifter/avdragsutgifter. Justerer ned ca. 1,50 % grunna lenger tids avskrivinger på deler av investeringsportefølje (Bygg, eiendom, osv. – avskriving justeres fra 20 til 40 år) Samtidig en korrigering på reell rentekostnad. Tall justert ned med 2,50 mill. kvart år i økonomiplan fra 2021 til 2023 (fotnote 13 i tabell, vedtakspunkt 2).

31. Skatteinntekter. Det vert vist til dei siste resultat kva gjeld skatteinnang i Flora kommune, der kommunestyret legg til grunn at ein moderat styrking av desse er forsvarleg. (fotnote 14 i tabell, vedtakspunkt 2).

32. Breiband. Det er ein føresetnad at Florøpakken for utbygging av bredband vert følgd i tråd med bystyret sine vedtak. Dersom dette ikkje kan gjerast innan føreliggjande investeringsrammer må ein kome attende til dette til revidert budsjett.

33. Sjukefråver

Det betyr mykje for kommuna sin økonomi at sjukefråver er så lavt som mogleg. For å sikre dette må kommunalt tilsette ha tilgang til frisklivsentra/folkehelsekoordinator, og det må gjevast informasjon om korleis dette kan føre til reduksjon av sjukefråver.

34. Energinøytrale bygg.

Rådhuset. "Ved bygging skal det verte utgreidd korleis bygget vert eit plussus i tre framfor betong, samt korleis stille krav om nybygg med lågast mogleg energibruk og klimaavtrykk."

35. Rådmannen skal i løpet av perioden gje ei tilbakemelding på korleis og i kor stor grad kommuna kan elektrifisere bil- og maskinpark. Ved kjøp av nye biler og maskiner skal utslippsfrie løysingar alltid vurderast.

36. Rådmannen skal i løpet av våren 2020 ha føretatt en gjennomgang av investeringane i kommunebudsjettet og komme til bystyret med ein sak om korleis disse bør gjerast. Det er ein føresetnad at politkarane skal vere løpande involvert i budsjettprosessen, gjennom hovudutvala og formannskapet som finansutval, for å bli betre kjent med heile Kinn sine investeringar.

37. Politikerne skal holdes løpende orientert om utviklingen på personalsiden. Når noen slutter

skal det nøye vurderes behov for nyttilsettelser.

38. Gå gjennom kommunens eiendommer og vurderer å selge eiendommer kommunen ikke har behov for.

39. Overføringane til kyrkjeleg fellesråd ikkje skal kuttast meir enn det prosentvise kuttet til kultursektoren.

40. I løpet av 2020 skal det utarbeidast detaljerte kostnadskalkylar og investeringsplan for nytt administrasjonsbygg og parkeringsanlegg. Planane skal eksternt kvalitetssikrast.

41. E-sport er verdas raskast veksande sport, og Kinn kommune har gode føresetnader for å ta ein nasjonal posisjon. E-sport er allereie fag i einskilde vidaregåande skular og frivillige E-sport klubbar er etablerte i regionen. Kommunen bør utvikle ein eigen strategi for esport og dataspel i samarbeid med frivillig sektor. Ein slik strategi må innehalde klare mål og verkemiddel for korleis ein betre kan leggja til ette for dataspel og esport i kommunen. I strategien bør det særleg leggjast vekt på;

- Muligheten til å få e-sportsom fag i vidaregåande opplæring i kommunen
- Korleis kommunen kan bidra til meir kunnskap og kompetanse om dataspel og esport i samfunnet

- Korleis kommunen kan bidra til etablering og drift av lokale treningslokalitetar for spelarar
- Korleis kommunen kan bidra til etablering av lokale dataspel miljø, konkurransar, turneringar og møteplassar

- Korleis kommunen kan støtte og bidra til større nasjonale esport-arrangement i Kinn
- Kva verkemiddel kommunen kan bruke i samarbeid med andre kommunar, organisasjonar, næringsliv og eldsjeler for å bygge opp lokale lag og spelarar på internasjonalt nivå.

42. Regulativet for gebyr og avgifter skal gjennomgåast på nytt ved første budsjettrevisjon.

43. Kinn kommunestyre ber rådmannen samordne vedtakspunkta i samsvar med vedtatt økonomiplan.

44. Kinn kommunestyre vedtar finansielle måltal i tråd med Kinn Budsjettguide 2020 og kommuneplanen sin samfunnsdel kapittel Kommunal økonomisk berekraft

- langsiktig lånegjeld/brutto driftsinntekter
- netto driftsresultat/brutto driftsinntekter
- disposisjonsfond/brutto driftsinntekter
- netto finans/brutto driftsinntekter

I økonomiplanen 2020-2023 vert måltala rekna ut i tåd med vedteke økonomiplantal. Val av finansielle måltala må byggje på ein god politisk prosess. I løpet av 2020 skal Kinn kommunestyre difor jobbe vidare med finansielle måltal, og vedta langsiktige mål for desse.

1A Bevilgningsoversikt - drift

Beløp i 1000							
	Regnskap 2018	Oppr. budsjett	Rev. budsjett	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023

		2019	2019				
Rammetilskudd	0	0	0	-551 100	-551 100	-551 100	-551 100
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	-521 800	-521 800	-521 800	-521 800
Eiendomsskatt	0	0	0	-64 641	-74 128	-74 528	-74 604
Andre generelle driftsinntekter	0	0	0	-61 203	-32 684	-59 684	-32 684
Sum generelle driftsinntekter	0	0	0	-	-	-	-
				1 198 744	1 179 712	1 207 112	1 180 188
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	0	0	0	1 070 654	1 061 546	1 052 441	1 047 079
Avskrivninger	0	0	0	98 425	98 425	98 442	98 425
Sum netto driftsutgifter	0	0	0	1 169 079	1 159 971	1 150 883	1 145 504
Brutto driftsresultat	0	0	0	-29 665	-19 741	-56 229	-34 684
Renteinntekter	0	0	0	-11 946	-14 943	-14 710	-14 477
Utbytter	0	0	0	-16 000	-35 000	-35 000	-35 000
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	0	0	0	66 397	73 051	76 091	76 288
Avdrag på lån	0	0	0	92 586	96 526	102 587	106 333
Netto finansutgifter	0	0	0	131 037	119 634	128 968	133 144
Motpost avskrivninger	0	0	0	-98 425	-98 425	-98 425	-98 425
Netto driftsresultat	0	0	0	2 947	1 468	-25 686	35
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	8 364	8 364	8 364	8 364
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-11 311	-9 832	17 322	-8 399
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av	0	0	0	-2 947	-1 468	25 686	-35

netto driftsresultat							
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

1B Bevilgninger - drift

<i>Beløp i 1000</i>							
	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Politisk leing	0	0	0	8 269	8 427	7 769	8 427
Sentraladministrasjon	0	0	0	81 451	77 851	72 251	69 651
Felles - diverse	0	0	0	-68 798	-68 798	-68 798	-68 798
Barnehage	0	0	0	150 102	149 752	147 602	145 502
Grunnskule	0	0	0	326 871	322 105	319 415	320 505
Kommunehelse	0	0	0	62 942	62 942	62 942	62 942
Pleie og omsorg	0	0	0	426 109	433 603	438 767	438 566
Barnevern	0	0	0	43 431	43 431	43 431	43 431
Sosialteneste	0	0	0	26 270	26 270	26 270	26 270
Kultur, fritid og kyrkje	0	0	0	50 198	49 348	49 598	49 708
Plan, byggesak og miljø	0	0	0	12 130	11 460	11 110	11 510
Næring og samferdsle	0	0	0	27 795	27 555	27 060	26 798
Bustad	0	0	0	-188	-288	-1 288	-2 288
Brann- og ulukkesvern	0	0	0	20 292	20 292	20 542	20 792
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	-14 047	-18 501	-20 310	-21 534
Finans	0	0	0	24 550	22 900	22 900	22 900
Sum bevilgninger drift, netto	0	0	0	1 177 379	1 168 351	1 159 263	1 154 384
Herav:							
Avskrivninger	0	0	0	98 425	98 425	98 442	98 425
Netto renteutgifter og -inntekter	0	0	0	-64	-64	-64	436
Avdrag på lån	0	0	0	0	80	80	80
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	8 364	8 364	8 364	8 364
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	0	0	0	1 070 654	1 061 546	1 052 441	1 047 079

2A Bevilgningsoversikt - investering

Beløp i 1000

	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Investeringer i varige driftsmidler	0	0	0	375 565	432 845	301 510	157 135
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	200	200	200	200
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	0	0	0	4 350	4 350	4 350	4 350
Utlån av egne midler	0	0	0	87 342	85 000	31 200	25 000
Avdrag på lån	0	0	0	15 000	15 000	15 000	15 000
Sum investeringsutgifter	0	0	0	482 457	537 395	352 260	201 685
Kompensasjon for merverdiavgift	0	0	0	-44 045	-63 396	-39 996	-19 377
Tilskudd fra andre	0	0	0	-7 433	-101 964	-36 700	-12 800
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	-5 000	-5 000	-5 000	-9 000
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Bruk av lån	0	0	0	-406 629	-347 685	-251 214	-141 158
Sum investeringsinntekter	0	0	0	-478 107	-533 045	-347 910	-197 335
Overføring fra drift	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	-4 350	-4 350	-4 350	-4 350
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	0	0	0	-4 350	-4 350	-4 350	-4 350
Fremført til inndekning i senere år (udekket)	0	0	0	0	0	0	0

2B Bevilgninger - investering

	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan Sum 2020- 2023
Sentraladministrasjon							
78877 Samlokalisering administrasjon	0	0	25 000	87 000	13 000	0	125 000
78931 Avlevering av papirarkiv til depot	0	0	4 000	3 000	0	0	7 000
78891 Planlegging av omsorgsbustader og idrettshall (sjukehuset/barneskulen)	0	0	1 000	0	0	0	1 000
78734 Digitalisering egedomsarkiv	0	0	3 280	1 760	0	0	5 040
78876 Digitalisering personalarkiv	0	0	1 150	0	0	0	1 150
Parkeringshus	0	0	10 000	20 000	0	0	30 000
78698 IKT - infrastruktur	0	0	18 000	4 000	4 000	4 000	30 000
79996 Eigeninnsats investeringsprosjekt	0	0	2 000	2 000	0	0	4 000
78897 Digitaliseringsstrategi oppvekst	0	0	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Sum Sentraladministrasjon	0	0	67 430	120 760	20 000	7 000	215 190
Barnehage							
Oppgradering uteområde barnehager	0	0	1 000	0	0	0	1 000
2066 Rehabilitering Holvik Skule for barnehage	0	0	5 000	0	0	0	5 000
Nepjarhaugen - ny barnehage	0	0	3 000	23 000	10 500	0	36 500
Sum Barnehage	0	0	9 000	23 000	10 500	0	42 500
Grunnskule							
78576 Eikefjord barne ungdomskule	0	0	100	0	0	0	100
78828 Brandsøy skule - utviding	0	0	20 000	0	0	0	20 000
78924 Florø barneskule- nytt toalettbygg	0	0	5 500	0	0	0	5 500
Ungdomsskulen - flytting og utviding parkeringsareal, omlegging av- og påstiging	0	0	3 000	0	0	0	3 000
Florø barneskule - oppgradering hovedbygg	0	0	0	0	0	5 500	5 500
78896 Gymsal ved Florø barneskule	0	0	1 500	4 100	39 000	0	44 600
Kameraovervåking uteområder	0	0	500	0	0	0	500
Skulebruksplan i Kinn	0	0	750	0	0	0	750
Skram skule, jf budsjettvedtak B13	0	0	750	6 200	30 000	0	36 950
Sum Grunnskule	0	0	32 100	10 300	69 000	5 500	116 900
Pleie og omsorg							
Renholdsmaskiner	0	0	250	0	0	0	250
FLOMS/Nordøstre/Utvendige fasader og vindu	0	0	0	0	880	0	880
Utstyr/tilrettelegging for pasientrehabilitering	0	0	150	0	0	0	150
78956 Dørlåssystem Markegata 55	0	0	826	0	0	0	826
3037 Signalanlegg ved institusjon og bemannede omsorgsbolig	0	0	0	500	1 000	1 000	2 500
3039 Ny Fløy E for Kulatoppen Omsorgssenter	0	0	50 000	91 700	0	0	141 700
Nødvendig oppgradering og utskifting av møblar, utstyr og inventar	0	0	0	0	400	0	400
Furuhaugane omsorgssenter	0	0	0	0	2 400	2 400	4 800
Florø omsorgssenter - nye pasientrom	0	0	5 000	0	0	0	5 000
78923 Elektronisk dørlås heimetenestene	0	0	776	0	0	0	776
Furuhaugane omsorgssenter. Hjelpemiddel og utstyr til hyblar.	0	0	375	0	0	0	375
Velferdsteknologi	0	0	1 500	0	0	0	1 500

Ventilasjon Furuhaugane	0	0	0	1 000	0	0	1 000
Sum Pleie og omsorg	0	0	58 877	93 200	4 680	3 400	160 157
Kultur, fritid og kyrkje							
78772 Restaurering Kinn Kyrkje	0	0	4 610	0	0	0	4 610
Fullskala fotballhall - Storhallen i vest	0	0	5 000	25 000	54 450	54 450	138 900
Taktekking Flora Samfunnshus	0	0	0	0	7 680	0	7 680
Dagsturhytta på Fløgjen	0	0	-100	0	0	0	-100
78751 Sanitæranlegg Sørstrand	0	0	3 400	0	0	0	3 400
Allmennsoge for Vågsøy	0	0	0	875	800	800	2 475
Flerbrukshall - Eikefjord	0	0	300	0	0	0	300
4057 Spesialhall for turn	0	0	28 625	0	0	0	28 625
4060 Svømmehall	0	0	1 000	0	1 500	20 000	22 500
Kunstgrasdekke Eikefjord	0	0	2 000	0	0	0	2 000
Sum Kultur, fritid og kyrkje	0	0	44 835	25 875	64 430	75 250	210 390
Plan, byggesak og miljø							
78695 Geovekst (Digital infrastruktur)	0	0	600	500	500	500	2 100
Svartelista arter	0	0	0	0	200	0	200
Klimasatsmidlar	0	0	3 000	2 000	2 000	0	7 000
Rehab turstinett Brandsøyåsen	0	0	0	0	1 000	0	1 000
78804 Moglegheitsstudie Rota	0	0	0	0	250	0	250
Sum Plan, byggesak og miljø	0	0	3 600	2 500	3 950	500	10 550
Næring og samferdsle							
6619 Aksjon Skulevei -bygging av gangsti til Vågsøy ungdomskule	0	0	500	2 700	0	0	3 200
6082 Overdekt møteplass - overbygd handlegt i Måløy	0	0	0	480	0	0	480
78824 Asfaltering	0	0	0	0	5 000	2 500	7 500
78868 Botnaholten Nord	0	0	1 450	1 500	2 000	1 500	6 450
78871 Gatelys park/gangveger	0	0	200	150	150	150	650
78951 Rassikring Knapstadbakken	0	0	550	0	0	0	550
78884 Oppgradering av Kyrkjeparken i Florø	0	0	0	0	0	2 400	2 400
78633 Oppgradering av kommunale bruer	0	0	0	1 500	0	800	2 300
78738 Oppgradering av skilt	0	0	150	100	100	100	450
Oppgradering av Vågavegen	0	0	0	0	6 500	1 500	8 000
78740 Veglys og krav til oppdgradering jmf. tiltaksvurdering og-plan gatelys	0	0	1 000	1 000	2 000	3 000	7 000
78952 Utbedring av Steindalsvegen eter skade	0	0	2 650	0	0	0	2 650
78722 Trafikksikringstiltak/kollektivtransport	0	0	500	1 500	1 500	1 000	4 500
Kommunal veg og parkeringsplass ved Flora Hamn	0	0	3 000	7 875	0	0	10 875
Gangveg Kystmuseet-Båtvika-oppfinansiering	0	0	0	400	0	0	400
Gangveg Storevatne- Sjukehuset	0	0	0	0	750	0	750
6113 Heis kontorbygg lagerhall og verksted Ivahavet	0	0	1 200	0	0	0	1 200
Generelle sykkeltiltak ved oppgradering av veganlegg	0	0	0	0	0	1 500	1 500
Utbygging breiband	0	0	5 000	5 000	0	0	10 000
78749 Gang- og sykkelveg "Sørsidevegen"	0	0	1 300	1 300	1 300	1 300	5 200
Oppgradering av bussterminal Gotteberg - Måløy	0	0	0	0	3 900	0	3 900
Sykkelparkering Brandsøy skule	0	0	500	0	0	0	500
Oppgradering av veglyst til LED	0	0	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Sum Næring og samferdsle	0	0	21 000	26 505	26 200	18 750	92 455

Bustad

Strategiske arealkjøp	0	0	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
Oppgradering av kommunale bustader	0	0	4 000	0	0	0	4 000
Sum Bustad	0	0	14 000	10 000	10 000	10 000	44 000
Brann- og ulukkesvern							
6106 Ny brannstasjon – Vågsøy Brann og redning	0	0	3 000	17 000	0	0	20 000
Hovedbrannstasjon - Florø	0	0	7 000	30 000	30 000	0	67 000
Sum Brann- og ulukkesvern	0	0	10 000	47 000	30 000	0	87 000
Vatn, avløp og renovasjon							
Forsterke gammel vassledning mellom Svartebotnvatnet og Raudeberg Vassbehandlingsanlegg	0	0	1 450	0	0	0	1 450
Overvann og spillervann i gt 5 sør idrettsvegen i Måløy	0	0	1 650	0	0	0	1 650
Vannledning i Gt 5 Sør-Idrettsvegen, Måløy	0	0	0	800	0	0	800
7062 Utskifting Vannledningsnett - Blålidvegen	0	0	2 800	0	0	0	2 800
7100 Vannforsyning - Gate 3,Måløy	0	0	0	0	0	900	900
7101 Overvann og Avløp Gate 3,Måløy	0	0	0	0	0	1 100	1 100
7106 Vannforsyning - Vågsvåg	0	0	800	0	0	0	800
7107 Avløpsnett - Vågsvåg	0	0	500	0	0	0	500
7110 Vannledning Gate 1 Sør ,Mæløy	0	0	8 500	0	0	0	8 500
7112 Vannforsyning Vågen -Kulen	0	0	0	0	0	2 200	2 200
7115 Hovudvannledning Sjøgata Brunsvik -Lefdal	0	0	250	0	0	0	250
7116 Spillvann /overvann Sjøgata Brunnsvik -Lefdal	0	0	250	0	0	0	250
7117 Vannledning Gate 6 - Idrettsvegen	0	0	0	0	700	0	700
7118 Spillvann og overvannsledning Gt 6 Idrettavegen	0	0	0	0	600	0	600
7120 Øvre Måløy høydebaseng	0	0	10 000	0	0	0	10 000
7126 Utskifting Vannlednig Gate 4-7 i Måløy	0	0	0	1 330	0	0	1 330
7128 Utskifting av spillvann og overvann Gate 4-7	0	0	0	1 700	0	0	1 700
7130 Vannforsyning -Gate 5 ,Måløy	0	0	0	2 100	0	0	2 100
7131 Overvann avløp Gate 5,måløy	0	0	2 300	0	0	0	2 300
7136 Saman kobling av eksisterande vassledning på Raudeberg	0	0	0	0	0	1 600	1 600
Hovudvannledning på Tennebø- Erstatte og legge om gammel asbest	0	0	900	0	0	0	900
Spylevogn avløp	0	0	500	0	0	0	500
Vågsvåg Høydebasseng	0	0	170	0	0	0	170
7047 Avløp -Utslipssl/pumpestasjon Tennebø	0	0	3 550	0	0	0	3 550
Kvalheimsvika - Avløpsanlegg	0	0	0	0	0	2 045	2 045
Ivahavet/Kulen-avløpsanlegg	0	0	9 647	0	0	0	9 647
Fornying av vannledning Ivahavet	0	0	2 330	0	0	0	2 330
Fornying/forvaltning avløpsnett	0	0	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Måløy avløpsanlegg	0	0	10 740	10 600	10 600	0	31 940
Holvik Avløpsanlegg	0	0	300	5 205	0	0	5 505
Raudaberg- Avløpsanlegg	0	0	0	0	0	11 490	11 490
7135 Oppgradering av reduksjonskum Gate 5 Måløy	0	0	100	0	0	0	100
7134 Hovedplan Vannforsyning	0	0	75	0	0	0	75
7111 Avløp/overvann-Vågen Kulen	0	0	0	0	0	2 200	2 200
7104 Vannstyringskum Deknepollen	0	0	0	1 400	0	0	1 400
7103 Vannmengdemåling Kulen	0	0	0	0	0	900	900
79598 VA leidningar Tua Gaddevågen	0	0	13 500	9 500	0	0	23 000

79607 Vågastubben – Ny avløpsledning og Pumpestasjon	0	0	5 611	0	0	0	5 611
79561 Eikefjord Vassverk – Inntak/inntaksledning	0	0	1 000	0	0	0	1 000
79593 Renseanlegg Kanalen	0	0	7 000	0	0	0	7 000
79602 Tilførsler til Kanalen	0	0	4 000	0	0	0	4 000
79608 Purkehola, omlasting- og gjenbrukstasjon	0	0	5 000	0	0	0	5 000
Akreditert prøvetaking utslipp frå kommunale slamavskillere	0	0	4 000	4 000	0	0	8 000
Tiltak RD10-2 i Hovedplan avløp. Utskifting VA-leidningar i Gaddevågen/Tua.	0	0	200	3 800	4 000	0	8 000
Tiltak RD1-1 i Hovedplan avløp. Overføring frå Melkevika/Botnavågen til Kanalen Sør.	0	0	4 000	5 000	0	0	9 000
Tiltak RD10-2 i Hovedplan avløp. Pumpestasjon og overføringsledning frå Gaddevågen til reinseanlegg.	0	0	200	3 800	0	0	4 000
Tiltak V2. Utskifting av overføringsledning frå Sagavatnet til Saga.	0	0	500	10 000	14 500	0	25 000
Tiltak V3. Tilførselleidning til energidrepar og sanering av eldre utsyr.	0	0	0	1 000	0	0	1 000
Tiltak V5a i hovedplan vassforsyning.	0	0	0	250	6 750	0	7 000
Tiltak V5b i hovedplan vassforsyning.	0	0	250	0	5 750	0	6 000
Tiltak V6a i hovedplan vassforsyning, bokstav a	0	0	250	0	5 750	0	6 000
Tiltak V9a i hovedplan vassforsyning, Utskifting VA-leidningar Gaddevågen/Tua.	0	0	200	0	3 800	4 000	8 000
Tiltak i hovedplan vassforsyning- Drifts- og plantiltak	0	0	300	300	300	300	1 200
Tilknytning av stasjonar til driftskontrollanlegg	0	0	1 200	0	0	0	1 200
79580 Nytt driftskontrollanlegg VA	0	0	1 000	0	0	0	1 000
79606 Eikefjord vassverk- Vassbehandlingsanlegg og høgdebasseng	0	0	6 400	7 920	0	0	14 320
79603 Kartlegging VA-ledningsdata	0	0	300	0	0	0	300
Oppgradering va anlegg	0	0	1 000	3 000	8 000	8 000	20 000
Hovlandsvegen i samband med oppgradering av vegen							
Sum Vatn, avløp og renovasjon	0	0	114 723	73 705	62 750	36 735	287 913
Sum 2B	0	0	375 565	432 845	301 510	157 135	1 267 055

Tilskudd til andres investeringer

Beløp i 1000							
	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan Sum 2020-2023
Overføring til andre (private)	0	0	200	200	200	200	800
Tilskudd til andres investeringer	0	0	200	200	200	200	800

Investeringer i aksjer og eiendeler

Beløp i 1000							
	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan Sum 2020- 2023
Kjøp av aksjer og andeler	0	0	4 350	4 350	4 350	4 350	17 400
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	0	0	4 350	4 350	4 350	4 350	17 400

Utlån

Beløp i 1000							
	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan Sum 2020- 2023
Utlån	0	0	25 000	25 000	25 000	25 000	100 000
Konserninterne utlån	0	0	62 342	60 000	6 200	0	128 542
Utlån av egne midler	0	0	87 342	85 000	31 200	25 000	228 542

Bakgrunn for saka:

Rådmannen overleverte sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 for Kinn kommune til politisk leing i møte den 7. november. Første år i økonomiplanen er å rekne som budsjett 2020. Økonomiplan og handlingsprogram er utarbeidd som digital versjon i systemet Framsikt. I møtet den 7. november orienterte rådmannen om kva som er lagt til grunn i sitt utkast. Link til rådmannen sin presentasjon, og link til den digitale økonomiplanen og handlingsprogrammet er å finne via Kinn kommune si heimeside:

<http://www.kinn.kommune.no/raadmannen-sitt-utkast-til-oekonomiplan-og-handlingsprogram-2020-2023.6261200-433987.html>

<https://pub.framsikt.net/2020/nyekinn/bm-2020-kinnhp2020-2023/#/>

Rådmannen sin presentasjon er og lagt ved denne saka. Økonomiplan og handlingsprogram er utarbeidd som digital versjon i systemet Framsikt, og blir med det best framstilt på nettet. Arkivversjonen frå Framsikt er lagt ved denne saka.

I tillegg til rådmannen si orientering av 7. november vert det i denne saka lagt inn oversikt over den årlege utviklinga i lånegjeld. Denne oversikta vert lagt til grunn som del av rådmannen sitt utkast.

Administrasjonen vil og sende ut to hjelpeark som grunnlag for det politiske arbeidet med

økonomiplanen, eit til drift og eit til investering.


Rådmannen vil orientere om utkastet i ATO-møte. Kinn formannskap kjem med framlegg til økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 i møte 21. november. I tråd med kommunelova (§44 og §45) vert Kinn formannskap sitt framlegg lagt ut til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar, før Kinn kommunestyre fattar endeleg vedtak i møte den 11. desember.

Kinn kommunestyre sin vedtekte økonomiplan 2020-2023 vert sendt som orientering til fylkesmannen/departementet seinast innan 30 dagar etter at budsjett og økonomiplan er vedtekte, det vil si seinast innan 10. januar 2020.

Saksopplysningar:

I tillegg til rådmannen si orientering av 7. november, og publisert versjon på nettet i Framsikt, vert det med dette lagt inn oversikt over planlagt utvikling i lånegjeld. Denne oversikta vert lagt til grunn som del av rådmannen sitt utkast.

Figur og tabell nedafor er henta frå gjeldsportalen KBN Finans. Samtlige av kommunen sine lån er registrert i portalen. I tillegg er planlagt låneopptak i åra 2020-2023 registrert inn som simulerte lån, og berekna minimumsavdrag registrert inn som planlagte avdrag i perioden. Figur og tabell nedafor viser at det er lagt til grunn ei auke i lånegjelda frå 2,529 mrd kr til 3,146 mrd kroner innan utgangen av 2023. I denne summen ligg samla lånegjeld, det vil sei lånegjelda inkluderer utlån til kommunale føretak, startlån, sjølvfinansierande lån knytt til VAR og lån der kapitalutgifter vert dekkja av kompensasjonstilskot frå Husbanken eller reduksjon i andre driftsutgifter. I løpet av 2020 vil det bli gjennomført ei analyse som med anna viser i kva kapitalutgiftene belastar kommunen si bunnlinje.



Periode	Total balanse	Faktisk balanse (uten refin. og simulerte lån)	Balanse forventede refinansieringer	Balanse simulerte lån	Gjennomsnittlig faktisk rente (30/360)	Gjennomsnittlig faktisk rente (30/360) (Rente beregningsmetode)	Gjennomsnittlig rente (inkl refin & sim, 30/360)	Gjennomsnittlig rente (inkl refin & sim, 30/360) (Rente beregningsmetode)
2019	2 528 906 251,81	2 498 906 251,81	0,00	30 000 000,00	2,0134%	30/360 US	2,0145%	30/360 US
2020	2 834 636 949,77	1 986 711 873,77	496 301 546,00	351 623 530,00	2,2543%	30/360 US	2,3045%	30/360 US
2021	3 029 263 364,73	1 868 149 868,73	599 942 586,00	561 170 910,00	2,3345%	30/360 US	2,3743%	30/360 US
2022	3 154 309 083,69	1 842 273 857,69	599 942 586,00	712 092 640,00	2,3593%	30/360 US	2,3907%	30/360 US
2023	3 146 407 745,65	1 704 377 789,65	711 322 586,00	730 707 370,00	2,4007%	30/360 US	2,4115%	30/360 US

Vurderingar:

Rådmannen si innleiing

Økonomiplanen for 2020-2023 viser at Kinn kommune sin økonomi er krevjande. Særskilte krevjande. Vi opplever endringar i dei frie inntektene som i sum gir oss fleire utfordringar enn mogelegheiter. Tal eldre vil vekse betydeleg medan talet på dei mellom 6 og 15 år går kraftig ned. I løpet av tre år vil elevtalet i småskulen gå ned med nærare 100 elevar i Måløy. I Florø er talet tilsvarande høgt. Då handlar det ikkje om å halde på utkantaskular eller ikkje. Det ærlege spørsmålet vi må stille oss er; korleis brukar vi skulane våre? Det er grunnen til at eg vil be

kommunestyret om å starte arbeidet med ein skulebruksplan med ein gang. For å fokusere på dei lovpålagde oppgåvene må vi flytte ressursar frå oppvekst til helse og velferd.

Telemarksforsking har gjennomført ei analyse som endring i Kinn kommune sitt rammetilskot knytt til demografi. Nokre aldersgrupper peikar seg særskild ut. Analysen viser at forvente reduksjon i rammetilskotet som følge av nedgang i aldersgruppa 6-15 år på 12,135 millionar kr frå 2020 til 2023. Samla sett for aldersgruppa 67+ kan Kinn kommune forvente ei tilsvarande auke i rammetilskotet på 14,4 millionar kroner frå 2020 til 2023. I sum er nettoauken i Kinn sitt rammetilskot knytt til alle desse aldersgruppene rekna til å bli berre 2,28 millionar kroner. Det gjer til at siste setning i avsnittet ovanfor vert heilt nødvendig.

Vågsøy og Flora har kvar for seg finansiert drifta i 2019 ved bruk av eingongsinntekter. Til saman over 45 millionar kroner. Vi har den same drifta i åra som kjem, men usikre inntekter. Kva gjer vi? Eg ser ikkje anna råd enn å budsjettere både med bruk av Havbruksfond og auka eigedomskatt for å få det til å gå i hop.

Ny kommunelov påverkar utrekninga for kva vi skal betale i avdrag. Det blir meir. Vi bør ha som målsetting at vi ikkje tek opp meir lån enn det vi betaler i avdrag. Nokre av investeringsprosjekta er difor flytta til realisering seinare.

Eg veit at det er klare forventingar til å gjennomføre enkelte av investeringsprosjekta. For nokre er Skram skule førsteprioritet. Som skulebygg og arena for læring og arbeid, har den langt frå ein akseptabel standard. Når eg tilrår å utsette prosjektet, heng det saman med to forhold. For det første, vi må sjå korleis vi brukar skuleanlegga våre i forhold til kapasitet og behov. Skram skule er ein del av det biletet. Det andre forholdet går på at Vågsøy mottok ein brannteknisk rapport på anlegget, utført av Norplan i oktober i år. Dei skriv at dei ikkje kan dokumentere bereevna til bygget, etasjeskillarane, korkje i høve brudd eller brann. Dei held fram at ved ei rehabilitering vil bygge strippast heilt der sjølve råbygget står att. Etasjeskillarane må rivast og byggast opp på nytt. Både rivingsarbeidet og oppattbygginga vert eit omfattande og dyrt arbeid. Som rådmann kan eg ikkje tilrå eit prosjekt med så stor uvisse.

Det er første gang for alle at vi nyttar Framsikt som verktøy i arbeidet med økonomiplan og handlingsprogram. For administrasjonen sin del ser vi at dette kan bli ei lette og til det betre, om vi får nytta potensialet betre enn kva vi får til denne gangen. Tidlegare har vi hatt for mange dokument i ulike format som til saman utgjorde dokumentasjonen. For deg som folkevald vil det by på nokre utfordringar i byrjinga, men etter kvart håper eg du vil oppleve det som eit tenleg verktøy. Innbygarane kan også gå inn i Framsikt og finne svar på spørsmål dei har til budsjettet. På sikt meiner eg dette vil vere eit oppslagsverk som alle vil oppleve positivt. Det er i alle fall Kinn kommune sin neste praksis.

Økonomisk utvikling i planperioden

Vurdering av den økonomiske utviklingen

Kinn kommunestyre vedtar med dette økonomiplan 2020-2023, der første året i økonomiplanen er budsjett for 2020. Økonomiplan 2020-2023 vert vedteke i tråd med ny kommunelov som gjeld frå 1.1.2020. Budsjettvedtaket blir med det gjennomført i tråd med nye obligatoriske oppstillingar av inntekter og utgifter:

- Bevillingsoversikter – drift, § 5-4 (skjema 1a og 1b)
- Bevillingsoversikter – investering, § 5-5 (skjema 2a og 2b)

Økonomisk oversikt etter art vil bli utarbeidd i etterkant av kommunestyret sitt vedtak, og har ein eigen frist for innsending til fylkesmannen.

Obligastorisk oppstilling i skjema 1a viser generelle driftsinntekter og driftsutgifter, som blir

budsjettet sentralt i kommunen sitt budsjett. Generelle budsjettposter er til dømes skatt og rammetilskot, eigedomsskatt, vertskommunetilskot, tilskot frå Havbruksfondet, renteutgifter, renteinntekter, avdrag på kommunen sine lån, utbytteinntekter, bruk av og avsetning til driftsfond. Nettosummen av desse budsjettpostene er kva kommunen har å bruke på løpande tenester til sine innbyggjarar. Kinn kommunestyre vedtar sin prioritering av desse midlane i skjema 1b, ved å fordele midlane til dei ulike tenestekområda.

Obligatorisk oppstilling i skjema 2a viser kva midlar som skal nyttast til å finansiere investeringar og utlån i økonomiplan 2020-2023. Desse midlane består med anna av låneopptak, kompensasjon for meirverdiavgift, tilskot frå andre, sal av varige driftsmidlar, bruk av og avsetning til investeringsfond. Kinn kommunestyre vedtar sin prioritering av desse midlane i skjema 2b, ved å fordele midlane til investeringsprosjekt. Forskrifta stiller krav om at oppstilling av bevillingar til investeringar i skjema 2b skal vise bruttobeløp. Det følgjer av dette at låneopptak og kompensasjon for meirverdiavgift skal sjåast på som fellesfinansiering i investeringsbudsjettet.

Økonomiske utfordringar ved oppstart av Kinn

Ved utarbeiding av Kinn sin første økonomiplan er det tatt utgangspunkt i økonomiplanvedtak for 2020 fatta av Vågsøy og Flora. Økonomiplanvedtak i dei to kommunane viser at begge kommunane har økonomiske utfordringar kvar for seg, uavhengig av kommunesamanslåinga. Vågsøy kommune har over fleire år basert drifta si på oppsparte midlar, som er nær tømte i 2019. I 2019 har Vågsøy basert drifta si på eingongsinntekter som i netto beløper seg til 28 millionar kroner. Denne inntekta ville ikkje Vågsøy ha i 2020, og er hovudgrunnen til at Vågsøy i sist vedtekne økonomiplan av mai 2019 har lagt til grunn å kutte i kommunale tenester med 20,87 millionar kroner i 2020. Det vedtaket er lagt til grunn i Kinn sitt budsjett for 2020. I Vågsøy sin økonomiplan er det i tillegg lagt til grunn eit uspesifisert salderingstiltak på 16 millionar kroner, som ikkje er fordelt på tenestene. Kinn må også løyse dette i sitt budsjett for 2020. Flora har og basert deler av drifta si i 2019 på eingongsmidlar frå bufferfondet, og har av den grunn måtte ta høgde for innsparing knytt til dei kommunale tenestene i sist vedtekne økonomiplan av desember 2018 på 11,8 millionar kroner i 2020. Det vedtaket er også lagt til grunn i Kinn sitt budsjett for 2020. Vidare har Flora ved revidering av budsjettet i juni 2019 styrka dei kommunale tenestene med 6,931 millionar kroner ved også å bruke eingongsmidlar frå bufferfondet. Denne styrkinga er vidareført, og må innarbeidast med ny finansiering i Kinn sitt budsjett for 2020.

Kommunereform og grensejustering utfordrar økonomien til Kinn kommune monaleg.

Kommunereforma si økonomiske overgangsordning dei tre åra i forkant av samanslåinga har vore meir økonomisk gunstig enn kva Kinn får av inntekter frå og med 2020. Spesielt slår tap av Sør-Norgetilskot dårleg ut. Basert på berekning av inndelingstilskotet i 2016 får Kinn kompensert vel 1,5 millionar kroner knytt til Sør-Norgetilskotet. Vågsøy fekk vel 7,7 millionar kroner i 2016. I og med at Kinn ikkje får noko Sør-Norgetilskot i 2020, og berre får kompensert 1,5 millionar kroner over inndelingstilskotet, er 6,2 millionar kroner av Sør-Norgetilskotet som Vågsøy fekk i 2016 tapt for Kinn kommune. Dette skjer som direkte følge av korleis reforma påverkar inntektssystemet.

Grensejusteringa av Bryggja slår og negativt ut. Teoretisk sett skal tap av skatt og rammetilskot over statsbudsjettet kunne balanserast opp med reduksjon i driftsutgifter. Men dette lar seg ikkje gjere i praksis, spesielt ikkje for ein kommune på i underkant av 6000 innbyggjarar, der vel 500 av desse, med tilhøyrande inntekter frå statsbudsjettet, vert grensejustert ut av kommunen frå eitt år til neste. Bygg og anlegg står der dei er bygd opp, og det vil difor ta tid å omstrukturere den kommunale drifta. Grovt rekna tapar Kinn kommune 31 millionar kr over statsbudsjettet. I løpet av budsjettprossessen er utgiftssida redusert med om lag 15 millionar kr. Resterande tap av inntekt som følgje av grensejusteringa, på 16 millionar kr, må Kinn finne inndekking for i sitt budsjett for 2020. Utfordringa med grensejusteringa stoppar ikkje der. Som direkte konsekvens av grensejusteringa må Kinn erstatte tap av heildøgns omsorgsplassar på Bryggja med nye plassar i Måløy. Dette vert å løyse ved utbygging av Kulatoppen, med tilhøyrane auka driftskonsekvens for Kinn kommune.

Vesentleg økonomisk utfordring ved inngangen til Kinn kommune, som er knytt til økonomiplanane frå dei to kommunane, samt kommunereform og grensejustering, er vist i følgjande tabell:

	Vågsøy	Flora	Sum Kinn
Økonomiplanvedtak 2020, saldering brutto	20 870	11 800	32 670
Økonomiplanvedtak 2020, uspesifisert salderingstiltak	16 000	-	16 000
Tap Sør-Norgetilskot (basert på inntektssystem 2016)	6 200	-	6 200
Netto tap grensejustering Bryggja	16 000	-	16 000
Styrking tenesterammer i revidert budsjett 2019, må takast høgde for i 2020	-	6 931	6 931
Sum vesentlege utfordringar frå økonomiplanar og kommunereform/grensejustering	59 070	18 731	77 801

Særskild økonomisk utfordring knytt til befolkningsutvikling i Kinn

Telemarksforsking har på oppdrag for Kinn gjennomført ei analyse som viser forventna endring i kommunen sitt rammetilskot knytt til demografi. Nokre aldersgrupper peikar seg særskild ut. Tabellen nedfor viser at Kinn kommune kan forvente reduksjon i rammetilskotet som følgje av nedgang i aldersgruppa 6-15 år på 12,135 millionar kr frå 2020 til 2023. Samla sett for aldersgruppa 67+ kan Kinn kommune forvente ei tilsvarande auke i rammetilskotet på 14,4 millionar kroner frå 2020 til 2023. I sum er nettoauken i Kinn sitt rammetilskot knytt til desse aldersgruppene rekna til å bli på berre 2,28 millionar kroner. Dersom ein legg til grunn å bruke ressursane effektivt må det gjennomførast ein omprioritering av ressursane i løpet av komande økonomiplanperiode.

Forventa endring i rammetilskotet knytt til demografi

Aldersgruppe	2021	2022	2023
6-15 år	-4 623	-9 055	-12 135
67-79 år	3 742	6 818	9 747
80-89 år	-1 353	-2 813	-2 427
over 90 år	1 129	4 837	7 095
Sum	-1 106	-213	2 280

Tal i heile tusen, 2020-kroner

Skatt og rammetilskot

I samband med framlegging av statsbudsjetta dei førre fire åra har Finansdepartementet anslått vesentleg for låg skattevekst. Basert på dette er samla skatt og rammetilskot i Kinn kommune budsjettert med 1063,5 millionar kroner, som er 4 millionar kroner over prognosane i statsbudsjettet. Kinn kommune sitt budsjett ligg med det 8,2 millionar kr over KS sin alternative prognose. Sidan inntektsutjamninga knytt til skatt kjem som ein del av rammetilskotet må inntektene skatt og rammetilskot sjåast i lag.

Prognose	Skatt	Rammetilskot	Sum
Statsbudsjett 2020 (prok1903gh)	509 418	550 063	1 059 481
KS alternative prognose (prok1903ks)	507 831	547 497	1 055 328
Avvik	1 587	2 566	4 153
Kinn budsjett	518 600	544 900	1 063 500
Avvik frå statsbudsjettprognosen	9 182	-5 163	4 019
Avvik frå KS alternative prognose	10 769	-2 597	8 172

Som del av rammetilskotet ligg ordinære skjønsmidlar på til saman 12,9 millionar kroner, som er

nominelt same beløp som Flora og Vågsøy får i sum i 2019. Kinn hadde forventa å få eit vesentleg høgare beløp, med anna kompensasjon for tap av Sør-Norgetilskot og tap knytt til grensejusteringa.

I rammetilskotet ligg og tilført midlar til å finansiere nye oppgåver. Desse midlane er tilført tenesteområda sine rammer i skjema 1b som nye tiltak.

Medan nominell vekst i frie inntekter på landsbasis ligg på 2,2%, kom Kinn kommune ut med ein nominell vekst på berre 1,2% over statsbudsjettet (korrigert for grensejustering og nye oppgåver). Prisveksten (deflator)er i statbudsjettet rekna til 3,1%, noko som betyr at Kinn kommune får negativ realvekst i dei frie inntektene. Den nominelle veksten strekker med andre ord ikkje til å dekke pris- og lønsvekst. I tillegg til reduksjon av inntekter knytt til kommunereforma er folketalsnedgang ei vesentleg årsak til at kommunen ikkje kjem ut med høgare prosentvis vekst over statsbudsjettet. Telledato knytt til storleiken på rammetilskotet er 1.7. året i forkant av budsjettåret. Kinn kommune hadde ein nedgang i folketalet på 146 personar siste året. Når landet samtidig veks, får Kinn ein mindre andel av dei samla inntektene til kommunesektoren frå det eine året til det neste.

Folketal Kinn

	01.07.2018	01.07.2019	Vekst	Vekst %
Landet	5 312 508	5 345 599	33 091	0,62 %
Flora	11 943	11 850	-93	-0,78 %
Vågsøy inkl Bryggja	5 996	5 936	-60	-1,00 %
Bryggja ¹⁾	521	514	-7	-1,34 %
Vågsøy eks Bryggja	5 475	5 422	-53	-0,97 %
Sum Kinn eks Bryggja	17 418	17 272	-146	-0,84 %
Avvik målt mot landet				-1,46 %
Lik vekst som landet ville vore (+0,62%)			108	
Avvik i forhold til vekst landet (-1,46%)			-254	

¹⁾ 01.07.2018 er berekna snitt av folketal Bryggja 1.1.2018 og 1.1.2019 ((526+515)/2)

Eigedomsskatt

I tråd med nye reglar knytt til eigedomsskatt er det innarbeidd botnfradrag på 30%. Det medfører tap av inntekter til kommunen, som i budsjettet er kompensert ved å auke promillesatsen til 4 promille i Flora og 5 promille i Vågsøy. Differensiert auke av promillesatsen byggjer på at fylkesmannen har godkjent slik auke i Vågsøy sin vedtekne økonomiplan. Det er ikkje lov å auke satsen med meir enn ein promille per år. Maks lovleg promille er i dag 5 promille, men denne kan bli justert ned til 4 promille i samband med kommuneproposisjonen for 2021. Budsjettett eigedomsskatt er lagt på 62,141 millionar kroner i 2020. I sum hadde Flora og Vågsøy lagt til grunn ei inntekt på 61,46 millionar kroner i sine økonomiplanar for 2020.

Seinast frå og med 1. januar 2022 skal eigedomsskatten i Kinn kommune vere harmonisert. Det er lagt til grunn å starte arbeidet med retaksering snarast mogleg i 2020, med sikte på å ha nytt eigedomsskattegrunnlag frå og med skatteåret 2021. På bakgrunn av den økonomiske situasjonen som Kinn er sett i er det vurdert som naudsynt å auke denne inntekta for å kunne oppretthalde lovpålagte tenester til kommunen sine innbyggjarar. Eigedomsskatten er auka til vel 89 millionar kr frå og med 2021. Auken føreset at det ligg føre nytt takstgrunnlag.

Kompensasjonstilskot

Det er lagt til grunn ei samla inntekt frå kompensasjonstilskot for rente og avdrag frå Husbanken på årleg 4,495 millionar kr.

Vertskommunetilskot (HVPU)

Flora kommune var tidlegare vertskommune for ein HVPU-institusjon, og får difor tilført eit vertskommunetilskot for å skjerme kommunen mot omfordelingsverknader i inntektssystemet, dette etter at midlar til tiltak for psykisk utviklingshemma vart lagt inn i rammetilskotet til kommunane i 2005. Vertskommunetilskotet er knytt til tal brukarar. I tilskotet for 2020 er det lagt til grunn 11 brukarar, og budsjettert tilskot er på 16,708 millionar kroner. Frå og med 2021 er det lagt til grunn 10 brukarar, og tilskotet er difor redusert til 15,189 millionar kroner. Ein må rekne med at tilskotet vil bli redusert framover, som følgje av fråfall av tal brukarar knytt til den tidlegare HVPU-institusjonen.

Tilskot frå Havbruksfondet

Inntekt frå Havbruksfondet er ei usikker inntekt, og det er lagt opp til at inntekta kjem i ulike beløp anna kvart år. Det er ikkje lagt inn nokon bevilling til kommunane i statsbudsjettet for 2020, men det er sagt at ein skal kome tilbake til det i samband med revidert nasjonalbudsjett. I sin fordeling av skjønsmidlar har fylkesmannen peika på at Kinn får midlar frå Havbruksfondet, og ut frå dette er det lagt til grunn inntekt i Kinn sin økonomiplan. Basert på historiske tal frå 2018 og 2019 er det lagt til grunn ei inntekt på 40 millionar kroner i 2020 og 2022, samt 13 millionar kroner i 2021 og 2023. Dette er inntekter som ikkje bør nyttast til løpande kommunal drift. Ut frå den krevjande økonomiske situasjonen er det likevel tatt høgde for å nytte denne inntekta til drift av Kinn i 2020-2023. På sikt er det eit mål å sette av desse midlane til bufferfond og næringsutvikling. Til slutt må det nemnast at det er sett ned eit nasjonalt utval som vurderar om inntekta skal innlemmast i rammetilskotet til kommunane. Dersom det skjer vil Kinn og dei andre kystkommunane få tilført vesentleg lågare inntekt enn i dag.

Reservert avsetting til lønsvekst 2020

Vågsøy og Flora har hatt ulik praksis med omsyn til tidspunkt for kompensering av lønsvekst på rammene. Gjennom 2020 vil det bli innarbeidd lik praksis. I budsjettet for 2020 er det lagt til grunn å budsjettere med årsløn i tråd med sentralt lønsoppgjer 2019. I Flora-rammene er lokalt oppgjer enno ikkje kompensert, og må kome som ei budsjettjustering i både 2019 og 2020. Overheng knytt til sentralt oppgjer 2019 på 1,3% er tilført tenestoområda sine budsjetttrammene i 2020. Lønsvekst 1.5.2020 er ikkje innarbeidd i budsjetttrammene, men er førebels sett av som reservert til lønsvekst sentralt i budsjettet til Kinn. I tråd med statsbudsjettet for 2020 er det lagt til grunn ein årslønsvekst i 2020 på 3,6%. Rådmannen får fullmakt til å fordele denne avsetting rettmessig på tenestoområda når lønsoppgjera vert realisert og utbetalt. I økonomiplanen er det føresett at vekst i frie inntekter åra 2021-2023 skal dekke årslønsvekst same åra.

Pensjon og premieavvik

Budsjettert pensjonspremie er fordelt ut på tenestoområda, medan premieavvik og amortisering vert budsjettert på eit felles tenestoområde. I 2020 er det berekna eit positivt premieavvik på vel 74 millionar kroner. Amortisering av premieavvik frå tidlegare år er rekna til 14,247 millionar kroner. Forholdmessig tilhøyrande arbeidsgjevaravgift kjem i tillegg. I sum er det soleis budsjettert ei netto inntekt knytt til premieavvik inklusive tilhøyrande arbeidsgjevaravgift på 69,86 millionar kroner på fellesområdet. Det positive premieavviket vert bokført som ei inntekt i kommunen sin driftsrekneskap, og ført opp som ei fordring på seg sjølv i kommunen sin balanserekneskap. Kinn kommune vil så bevilge midlar til å dekke dette premieavviket over dei neste 7 åra knytt til årleg 1/7-dels utgiftsføring i driftsrekneskapen på 10,57 millionar kroner. Det er det som er kalla amortisering av premieavvik frå tidlegare år. Innan 7 år vil med det premieavviket for 2020 vere oppbevilga over driftsrekneskapen og nullstilt i balanserekneskapen til kommunen. I økonomiplanen er det forutsatt at vekst i frie inntekter over statsbudsjettet i 2021-2023 skal dekke auka utgifter til pensjon same åra.


Brutto renteutgifter

Renteutgifter på kommunen sine lån er berekna i Kommunalbanken sin gjeldsportal KBN Finans.

Samtlige av kommunen sine lån er registrert i portalen. I tillegg er planlagt låneopptak i åra 2020-2023 registrert inn som simulerte lån, og berekna minimumsavdrag registrert inn som planlagte avdrag i perioden. Kommunalbanken sine sist oppdaterte budsjettrenter er lagt til grunn for nye låneopptak og refinansierte lån. Det medfører at delen av lånegjelda som er sikra til fast rente blir redusert i perioden, samtidig som sertifikatlån går over på flytande rente 3 mnd NIBOR + margin 60 punkter. Planmessig blir dette vurdert som tilfredsstillande på noverande tidspunkt. Lånegjelda til Kinn er stor og aukar. Difor kan vi vere godt tent med å vurdere profesjonell bistand til gjeldsforvaltninga.

Som vist i tabell og figur nedafor er sum brutto renteutgift i 2020 budsjettet med 66,396 millionar kroner, i 2021 med 72,345 millionar kroner, i 2022 med 74,917 millionar kroner og i 2023 med 74,639 millionar kroner. Ein vesentleg del av denne renteutgifta vil bli dekkja over sjølvkostrekneskapen knytt til vann og avløp, konserinterne renteinntekter, renteinntekter frå startlån og kompensasjonstilskot frå Husbanken. I løpet av 2020 vil det bli gjennomført ei analyse som viser kor stor del av kapitalutgiftene som faktisk belastar bunnlinja til kommunen.

Periode	Totale rentekostnader	Rentekostnader på løpende lån	Rentekostnader med refinansiering beregnet	Rentekostnad på simulerte lån
2020	66 395 659,84	51 160 023,38	5 250 368,21	9 985 268,25
2021	72 344 603,82	45 107 484,04	12 450 825,36	14 786 294,42
2022	74 917 116,24	42 651 642,69	14 417 324,63	17 848 148,92
2023	74 639 252,56	39 622 185,22	17 013 153,13	18 003 914,21
01.01.2020 - 01.01.2024	288 296 632,46	178 541 335,33	49 131 671,33	60 623 625,80



Renteinntekter

Det er lagt til grunn ei samla renteinntekt på 11,881 millionar kr i 2020, som vert auka opp til 14,412 millionar kroner innan 2023. Årleg 9,5 millionar kroner er knytt til løpande renter frå bankinnskot, utlån, byggjelånsrenter og renter frå innfordring av kommunale krav. Det er vidare lagt til grunn konserninterne renteinntekter frå Havhesten KF knytt til utlån på 0,663 millionar kr i 2020, auka opp til 1,138 millionar kroner i 2023. Samt konserninterne renteinntekter frå Flora Hamn KF knytt til utlån på 1,718 millionar kroner i 2020, auka opp til 3,774 millionar kroner i 2023.

Avdragsutgifter

Ny kommunelov skjerpar reglane for berekning av minimumsavdrag. Vågsøy og Flora har til og med 2019 valt å nytte ein metode, som gir lågast mogleg minimumsavdrag. Frå og med 2020 kan ikkje vi gjere det slik. Kommunelova vart endra fordi lånegjelda ikkje fanga opp kapitalslitet til anleggsmidlane. Minimumsavdraget skal frå og med 2020 reknast i tråd med andel avskrivningar i forhold til bokført verdi på varige avskrivbare anleggsmidlar multiplisert med netto lånegjeld. Samla avdrag for Kinn kommune er i 2020 rekna til 96,389 millionar kroner. Som følgje av nye låneopptak i økonomiplanperioden aukar avdraget til 117,67 millionar kroner innan 2023. Det er så lagt til grunn at Havhesten KF skal dekke 0,751 millionar kroner av avdraget i 2020, auka opp til

1,243 millionar kroner frå og med 2021. Det er vidare lagt til grunn at Flora Hamn KF skal dekke 3,052 millionar kroner av avdraget i 2020, auka opp til 6,526 millionar kroner frå og med 2021. Indirekte vil avdrag knytt til sjølvkostområda bli dekkja innfor VAR-rekneskapen.

Aksjeutbytte

Det er lagt til grunn eit utbytte frå SFE på 16 millionar kroner i 2020. Det føreset eit resultat andre halvår på line med det første halvåret i 2019, samt ein utbytteprosent på 70. Frå og med 2021 vil Kinn i tillegg få utbytte frå SF Holding. I økonomiplanen er det lagt til grunn fortsatt gode resultat i SFE, og eit utbytte på 70%. Samla utbytte er innarbeidd med årleg 35 millionar kroner frå og med 2021.

Bruk av og avsetning til bufferfond

Både Vågsøy og Flora vil sitte igjen med disposisjonsfond ved utgangen av 2019. I Kinn sitt budsjett er det tatt høgde for å bruke 24,461 millionar kroner av disposisjonsfondet for å balansere drifta i 2020. I 2021 er tilsvarende beløp sett til 13,742 millionar kroner. I 2022 er det så innarbeidd at 13,422 millionar kroner av tilskot frå Havbruksfondet skal settast av til bufferfond, som så vil nyttast til drift med 12,549 millionar kroner i 2023.

Ramme til fordeling på tenesteområda

Budsjettskjema 1 a viser at Kinn kommune har totalt 1 071,904 millionar kroner å fordele til drift av kommunen sine tenester. Beløpet inkluderer premieavvik, sentral avsetning til lønsvekst og tar omsyn til avskrivningar og netto avsettingar til fond innafor tenesteområda. Kommunestyre prioriterer fordeling av desse midlane på tenesteområda i budsjettskjema 1b. Tenesteområde i budsjettskjema 1b er funksjonsorientert og ikkje ansvarsorientert. Bevillingane som Kinn kommunestyre vedtar er knytt til kva tenester innbyggjarane får, og ikkje til korleis rådmannen har organisert drifta internt i kommunen. Dette er ein ny måte å tenke på for både Flora og Vågsøy. Særskild gjeld dette for Flora, som ikkje har budsjettert på funksjon tidlegare. Bevillingane i budsjettskjema 1b vil no kunne direkte samanliknast med KOSTRA-statistikker, KS sin ressursbrukmodell, kommunebarometer og andre. Internt er desse bevillingane fordelt på ansvarsnivå, og rådmannen vil styre økonomien på ansvarsnivå i tillegg til funksjonsnivå. I og med at det er første året bevillingane blir vedteke på funksjonsorienterte tenesteområder må vi få erfaringar med denne måten å gjere det. Då må vi samstundes vere opne for omprioriteringar av meir teknisk art enn politisk art i revidert budsjett for 2020 og i neste økonomiplan.

Saldering på tenesteområda

I forhold til drift 2019 er det lagt til grunn saldering på tenesteområda som vist i følgjande tabell:

Tenestekområde	ID Tiltak	Tiltakstype	2020	2021	2022	2023
Politisk leiling	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-2 758 000	-2 100 000	-2 758 000	-2 100 000
Politisk leiling	10163 Prosjekt personal 2023	Innsparingstiltak	0	-500 000	-500 000	-500 000
Sum innsparring politisk leiling			-2 758 000	-2 600 000	-3 258 000	-2 600 000
Sentraladministrasjon	9750 78877 Samlokalisering administrasjon	Driftskonsekvens	0	0	-2 500 000	-5 000 000
Sentraladministrasjon	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-4 575 000	-4 575 000	-4 575 000	-4 575 000
Sentraladministrasjon	9985 Prosjekt 78734 Digitalisering eigedomsarkiv	Driftskonsekvens	0	0	-100 000	-200 000
Sentraladministrasjon	10163 Prosjekt personal 2023	Innsparingstiltak	0	-2 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Sum innsparring sentraladministrasjon			-4 575 000	-6 575 000	-11 175 000	-13 775 000
Barnehage	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Barnehage	9862 Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (auka foreldrebetaling fom 1.8.20)	Innsparingstiltak	-238 000	-238 000	-238 000	-238 000
Barnehage	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-2 830 000	-2 830 000	-2 830 000	-2 830 000
Barnehage	9976 Nepjarhaugen - ny barnehage	Driftskonsekvens	0	0	-1 500 000	-3 600 000
Barnehage	10163 Prosjekt personal 2023 (effektivisering reinhold)	Innsparingstiltak	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Barnehage	10166 Reduksjon straumforbruk	Innsparingstiltak	0	0	-700 000	-700 000
Sum innsparring barnehage			-3 718 000	-4 218 000	-6 418 000	-8 518 000
Grunnskule	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-2 450 000	-5 306 000	-5 306 000	-5 306 000
Grunnskule	9862 Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (statlige/private skular, prøvar)	Innsparingstiltak	-637 000	-637 000	-637 000	-637 000
Grunnskule	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-8 150 000	-8 150 000	-8 150 000	-8 150 000
Grunnskule	10163 Prosjekt personal 2023 (effektivisering reinhold)	Innsparingstiltak	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Grunnskule	10166 Reduksjon straumforbruk	Innsparingstiltak	0	0	-700 000	-700 000
Grunnskule	10167 Demograflutforordning skule	Innsparingstiltak	0	-2 500 000	-5 000 000	-5 000 000
Sum innsparring grunnskule			-11 737 000	-17 593 000	-20 793 000	-20 793 000
Kommunehelse	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-49 000	-49 000	-49 000	-49 000
Kommunehelse	9862 Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (helsestasjon/skulehelseteneste)	Innsparingstiltak	-138 000	-138 000	-138 000	-138 000
Kommunehelse	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-1 621 000	-1 621 000	-1 621 000	-1 621 000
Sum innsparring kommunehelse			-1 808 000	-1 808 000	-1 808 000	-1 808 000
Pleie og omsorg	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000
Pleie og omsorg	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-4 960 000	-4 960 000	-4 960 000	-4 960 000
Pleie og omsorg	10163 Prosjekt personal 2023 (effektivisering reinhold)	Innsparingstiltak	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Pleie og omsorg	10166 Reduksjon straumforbruk	Innsparingstiltak	0	0	-700 000	-700 000
Sum innsparring pleie og omsorg			-5 486 000	-5 986 000	-6 686 000	-6 686 000
Barnevern	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-65 000	-65 000	-65 000	-65 000
Barnevern	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-579 000	-579 000	-579 000	-579 000
Sum innsparring barnevern			-644 000	-644 000	-644 000	-644 000
Sosialteneste	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-35 000	-35 000	-35 000	-35 000
Sosialteneste	9862 Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (NAV kontaktsenter)	Innsparingstiltak	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Sosialteneste	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-140 000	-140 000	-140 000	-140 000
Sum innsparring sosialteneste			-195 000	-195 000	-195 000	-195 000
Kultur, fritid og kyrkje	9610 prosjekt 78896 Gymsal ved Florø barneskole	Driftskonsekvens	0	0	-175 000	-350 000
Kultur, fritid og kyrkje	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-316 000	-316 000	-316 000	-316 000
Kultur, fritid og kyrkje	9862 Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (frivilligsentralar)	Innsparingstiltak	-19 000	-19 000	-19 000	-19 000
Kultur, fritid og kyrkje	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Kultur, fritid og kyrkje	10163 Prosjekt personal 2023	Innsparingstiltak	-500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Sum innsparring kultur, fritid og kyrkje			-1 085 000	-2 085 000	-2 260 000	-2 435 000
Plan, byggesak og miljø	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Plan, byggesak og miljø	9985 Prosjekt 78734 Digitalisering eigedomsarkiv	Driftskonsekvens	0	0	-100 000	-200 000
Sum innsparring plan, byggesak og miljø			-40 000	-40 000	-140 000	-240 000
Næring og samferdsle	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-1 150 000	-1 150 000	-1 150 000	-1 150 000
Næring og samferdsle	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-2 130 000	-2 130 000	-2 130 000	-2 130 000
Næring og samferdsle	9894 Oppgradering av veglyst til LED	Driftskonsekvens	-100 000	-300 000	-600 000	-900 000
Næring og samferdsle	10165 Reduksjon tilskot næringssselskap	Innsparingstiltak	0	-250 000	-500 000	-500 000
Sum innsparring næring og samferdsle			-3 380 000	-3 830 000	-4 380 000	-4 680 000
Bustad	9750 78877 Samlokalisering administrasjon	Driftskonsekvens	0	0	-1 000 000	-2 000 000
Bustad	9783 Økonomiplanvedtak 2020 Flora - innsparring	Vedtak forrige periode	-225 000	-225 000	-225 000	-225 000
Bustad	10178 Oppgradering av kommunale bustader	Driftskonsekvens	-100 000	-200 000	-200 000	-200 000
Sum innsparring bustad			-325 000	-425 000	-1 425 000	-2 425 000
Brann- og ulukkesvern	9865 Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - innsparring	Vedtak forrige periode	-170 000	-170 000	-170 000	-170 000
Brann- og ulukkesvern	10163 Prosjekt personal 2023	Innsparingstiltak	0	0	-500 000	-1 000 000
Sum innsparring brann- og ulukkesvern			-170 000	-170 000	-670 000	-1 170 000
Saldering totalt drift tenestekområda			-35 921 000	-46 169 000	-59 852 000	-65 969 000

Tilføring av midlar til tenestekområda

I forhold til drift 2019 er det lagt til grunn tilføring av midlar til tenestekområda som vist i følgjande tabell:

Tenestoområde	Tiltakstype	Tiltak	ID Tiltak	2020	2021	2022	2023
Sentraladministrasjon	Driftskonsekvens	Prosjekt 78897 Digitaliseringsstrategi oppvekst	9846	50 000	50 000	50 000	50 000
Sentraladministrasjon	Nye tiltak	Harmonisering eiendomsskatt, retaksering	10055	2 000 000	1 000 000	0	0
Sentraladministrasjon	Nye tiltak	Lisens Framsikt	10056	500 000	500 000	500 000	500 000
Sentraladministrasjon	Nye tiltak	Økt kontingent til Nordfordnett	9909	4 700 000	4 700 000	4 700 000	4 700 000
Sentraladministrasjon	Vedtak forrige periode	Økonomiplanvedtak 2020 Vågsøy - styrking	9864	1 240 000	1 240 000	1 240 000	1 240 000
Sum tilført ramme sentraladministrasjon				8 490 000	7 490 000	6 490 000	6 490 000
Barnehage	Driftskonsekvens	2066 Rehabilitering Holvik Skule for barnehage	9597	0	150 000	200 000	200 000
Barnehage	Driftskonsekvens	Oppgradering uteområde barnehager	9595	60 000	60 000	60 000	60 000
Barnehage	Nye tiltak	Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (Gratis kjernetid barnehage 2-åring, heilårseffekt)	9862	166 000	166 000	166 000	166 000
Sum tilført ramme barnehage				226 000	376 000	426 000	426 000
Grunnskule	Driftskonsekvens	78828 Brandsøy skule - Utviding	9601	250 000	500 000	500 000	500 000
Grunnskule	Driftskonsekvens	78924 Florø barneskule- Nytt toalettbygg	9599	0	100 000	200 000	400 000
Grunnskule	Driftskonsekvens	Florø barneskule - oppgradering hovedbygg	9608	0	0	0	40 000
Grunnskule	Driftskonsekvens	prosjekt 78896 Gymsal ved Florø barneskule	9610	0	0	900 000	1 750 000
Grunnskule	Nye tiltak	Gjestelever	9910	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
Grunnskule	Nye tiltak	Statsbudsjett - vekst i frie inntekter - føring frå staten (tidleg innsats/auka lærartettleik)	9913	1 478 000	1 478 000	1 478 000	1 478 000
Grunnskule	Nye tiltak	Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (tidleg innsats/auka lærartettleik)	9862	3 715 000	3 715 000	3 715 000	3 715 000
Sum tilført ramme grunnskule				6 843 000	7 193 000	8 193 000	9 283 000
Kommunehelse	Nye tiltak	Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (kommunepsykolog og habilitering/rehabilitering)	9862	1 009 000	1 009 000	1 009 000	1 009 000
Sum tilført ramme kommunehelse				1 009 000	1 009 000	1 009 000	1 009 000
Pleie og omsorg	Driftskonsekvens	3037 Signalanlegg ved institusjon og bemannede omsorgsbolig	9632	0	0	20 000	20 000
Pleie og omsorg	Driftskonsekvens	3039 Ny Fløy E for Kulatoppen Omsorgssenter (FDV)	9638	0	500 000	1 000 000	1 000 000
Pleie og omsorg	Driftskonsekvens	78956 Dørlåssystem Markegata 55	9764	0	42 000	42 000	42 000
Pleie og omsorg	Driftskonsekvens	FLOMS/Nordøstre/Utvendige fasader og vindu	9798	0	0	49 000	49 000
Pleie og omsorg	Driftskonsekvens	Prosjekt 78923 Elektronisk dørlås heimetenesene	9648	40 000	40 000	40 000	40 000
Pleie og omsorg	Nye tiltak	Drift av 6 plassar for demente 3 elg Floms	10071	2 250 000	4 500 000	4 500 000	4 500 000
Pleie og omsorg	Nye tiltak	Drift Kulatoppen	10075	0	5 500 000	11 000 000	11 000 000
Pleie og omsorg	Nye tiltak	Nattevakt på demensavdeling	9940	1 500 000	1 545 000	1 590 000	1 639 000
Pleie og omsorg	Nye tiltak	Statsbudsjett - innstramming toppfinansieringsordninga	9912	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000
Pleie og omsorg	Nye tiltak	Statsbudsjett - vekst i frie inntekter - føring frå staten (opprapping rusomsorg)	9913	397 000	397 000	397 000	397 000
Pleie og omsorg	Nye tiltak	Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (dagaktivitetstilbod, rus og kriminalitetsforebygginge)	9862	1 319 000	1 319 000	1 319 000	1 319 000
Pleie og omsorg	Nye tiltak	Styrking Helse og velferd, pleie og omsorg, demografi	10108	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
Pleie og omsorg	Vedtak forrige periode	Økonomiplanvedtak 2020 Flora - styrking, opptrapping Docen 2	9863	3 060 000	4 717 000	4 717 000	4 717 000
Sum tilført ramme pleie og omsorg				15 816 000	25 810 000	31 924 000	31 973 000
Kultur, fritid og kyrkje	Driftskonsekvens	4057 Spesialhall for turn	9615	0	550 000	975 000	975 000
Kultur, fritid og kyrkje	Driftskonsekvens	Flerbrukshall - Eikefjord	9623	18 000	18 000	18 000	18 000
Kultur, fritid og kyrkje	Driftskonsekvens	Fullskala fotballhall - Storhallen i vest	9625	0	0	0	285 000
Kultur, fritid og kyrkje	Driftskonsekvens	prosjekt 78751 Sanitæranlegg Sørstrand	9628	0	100 000	100 000	100 000
Sum tilført ramme kultur, fritid og kyrkje				18 000	668 000	1 093 000	1 378 000
Plan, byggesak og miljø	Driftskonsekvens	Klimasattemidler 2019-20	9825	0	80 000	80 000	80 000
Plan, byggesak og miljø	Driftskonsekvens	Opprydding Skytebane 2019-2020	9833	0	0	0	500 000
Plan, byggesak og miljø	Nye tiltak	Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (gang- og sykkelveg, mydighet lovar)	9862	177 000	177 000	177 000	177 000
Sum tilført ramme plan, byggesak og miljø				177 000	257 000	257 000	757 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	6082 Overdekt møteplass - overbygd handlegt i Måløy	9642	0	0	20 000	20 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	6113 Heis kontorbygg lagerhall og verksted høhavet	9648	0	50 000	50 000	50 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	6619 Aksjon Skulevel -bygging av gangsti til Vågsøy ungdomskule	9652	0	30 000	30 000	30 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78633 Oppgradering av kommunale bruer .	9704	0	0	5 000	5 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78722 Trafikksikringstiltak/kollektivtransport	9713	0	30 000	30 000	30 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78738 Oppgradering av skilt	9726	10 000	10 000	10 000	10 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78740 Veglys og krav til oppgradering jmf. tiltaksvurdering og-plan gatelys	9730	50 000	50 000	50 000	50 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78824 Asfaltering	9734	0	0	10 000	10 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78868 Botnaholten Nord	9740	75 000	75 000	75 000	75 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78871 Gatelys park/gangveger	9744	22 000	22 000	22 000	22 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78951 Rassikring Knapptadbakken	9758	28 000	28 000	28 000	28 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	78952 Utbedring av Steindalsvegen eter skade	9760	25 000	25 000	25 000	25 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	Gangveg Storevatne- Sjukehuset	9805	0	0	0	38 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	Gangveg Kystmuseet-Båtvika- oppfinansiering	9993	0	0	20 000	20 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	Kommunal vei og parkeringsplass ved Flora Hamn	9827	0	100 000	100 000	100 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	Sykkelparkering Brandsøy skule	9855	25 000	25 000	25 000	25 000
Næring og samferdsle	Driftskonsekvens	Utbygging breiband	9850	10 000	10 000	10 000	10 000
Næring og samferdsle	Nye tiltak	Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (forvaltning av landbrukspolitiske tilskot)	9862	40 000	40 000	40 000	40 000
Sum tilført ramme næring og samferdsle				285 000	495 000	550 000	588 000
Bustad	Nye tiltak	Statsbudsjett, korrigert rammetilskot (etablering og tilpassing av bolig)	9862	1 315 000	1 315 000	1 315 000	1 315 000
Sum tilført ramme bustad				1 315 000	1 315 000	1 315 000	1 315 000
Brann- og ulukkesvern	Driftskonsekvens	6106 Ny brannstasjon – Vågsøy Brann og redning	9646	0	0	250 000	500 000
Brann- og ulukkesvern	Driftskonsekvens	Hovedbrannstasjon - Florø	9823	0	0	500 000	1 000 000
Brann- og ulukkesvern	Nye tiltak	Etablering av vakt beredskap i samsvar med forskriftskrav	9939	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Sum tilført ramme brann og ulukkesvern				1 500 000	1 500 000	2 250 000	3 000 000
Totalt tilført drift tenestoområda				35 679 000	46 113 000	53 507 000	56 219 000

Økonomiske konsekvensar:

Som vist i økonomiplan 2020-2023

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar

Vedlegg i saken:

Arkivversjon Framsikt, økonomiplan og handlingsprogram 2020-2023 Kinn kommune, rådmannen
sitt utkast

Rådmannen sin presentasjon, Økonomiplan+og+handlingsprogram+2020-2023



Arkiv: FA-P01, FE-047
JournalpostID: 19/991
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 04.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/19	Kommunestyret	11.12.2019

Farvassavgift, sakshandsamingsgebyr og vedtekter i Alden hamneområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtekter for Alden hamneormåde blir godkjent som det går fram av hamnerådet sitt vedtak i sak 015/19 *Revisjon av vedtekter*.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Votering:

Rådmann sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 076/19 Vedtak:

Vedtekter for Alden hamneormåde blir godkjent som det går fram av hamnerådet sitt vedtak i sak 015/19 *Revisjon av vedtekter*.

Bakgrunn for saka:

Vedtekter i Alden hamneområde.

Når det gjeld farvassavgit og sakshandsamingsgebyr for Alden hamneområde, blir det vist til gebyr og behandlingssatsar for Kinn kommune i Framsikt.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar går fram av oversendte dokument frå Alden hamneområde som ligg som vedlegg til saka.

Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Farvassavgift, sakshandsamingsgebyr og vedtekter i Alden hamneområde.

Følgeskriv -Farvassavgift, sakshandsamingsgebyr og vedtekter i Alden hamneområde.
Utkast til avgiftsregulativ Alden 2020, godkjent av hamnerådet i Alden hamneområde 16.10.2019
Utkast til sakshandsamingsgebyr Alden 2020, godkjent i hamnerådet til Alden hamneområde
16.10.2019
Gjeldande vedtekter Alden hamneområde
Framlegg til nye vedtekter Alden hamneområde gyldig frå 01.01.2020, godkjent av hamnerådet i
Alden hamneområde 16.10.19
Møtebok 16.10.2019
Statistikk anløp i Alden hamneområde - 2015-2018



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/19	Kommunestyret	11.12.2019

Byar i Kinn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre set ned ei politisk gruppe med følgjande medlemmer for å definere grensene for Florø og Måløy by.

1: _____

2: _____

3: _____

- Rådmannen vert sekretær for gruppa.
- Saken vert å levere Kinn kommunestyre i løpet av våren 2020.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Varaordførar fremma utsettingsframlegg.

Votering:

Utsettingsframlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 077/19 Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn for saka:

Definere grensene for Florø og Måløy by.

Saksopplysningar:

Flora som bykommune og Vågsøy som kommune blir historie frå 01.01.2020. Dette har Stortinget vedteke i Prop. 96 S (2016-2017), Innst. 386 S (2016-2017):

"Vedtak 831 - Vågsøy kommune og Flora kommune slås sammen senest fra 1. januar 2020. Bremanger består som egen kommune."

Fellesnemnda for Kinn har vedteke at navnet på den nye samanslåtte kommunen skal vere Kinn.

Kinn kommune har to byar innanfor kommunegrensene: Florø og Måløy:

- Florø by vart oppretta ved kongeleg resolusjon 16. mai 1860.
- Måløy by vart oppretta i Vågsøy kommunestyre 18. juni 1997 i sak K-97/33.

Det nødvendig å greie ut grensene for det som er Florø by. Eit tilsvarende arbeid bør etter rådmannen si meining også skje for grensene for Måløy by.

Regelverket omkring desse problemstillingane er formulert i kommunelova:

Kommunelova §3-5:

"Kommuner med over 5000 innbyggere kan ta i bruk benevnelsen by, dersom kommunen har bymessig tettsted med handels- og servicefunksjoner og konsentrert bebyggelse."

Lovbestemmelsen har i praksis bare vært veiledende for kommunene. I lovens forarbeider sier departementet:

"Ordet by har to betydninger. I dagligtale brukes det om de mer eller mindre vel avgrensede tettsteder som har en viss størrelse og karakter. I kommunalrettslig forstand er det knyttet til hele kommuner - bykommunene. En bykommune kan inneholde flere tettsteder som er byer i språklig forstand."

"Departementet viser til at ordet by for framtida kan benyttes om de tettsteder som det språklig sett er naturlig å betegne som by, uten å underlegge dette noen rettslig regulering. Dette betyr at den enkelte kommune selv vil kunne benytte betegnelsen by om kommunen/tettstedet dersom den ønsker dette."

Med andre ord: Slik rådmannen tolkar det står Kinn kommune fritt til å rededinere 2 byar innanfor grensene av den nye kommunen: Florø og Måløy. Rådmannen tilrår at det vert sett ned ei politisk gruppe som kan arbeide med desse problemstillingane med rådmannen som sekretær.

Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
078/19	Kommunestyret	11.12.2019

Reservasjon mot deltaking i innkjøpsamarbeid av helsevikarar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune deltar ikkje i innkjøpssamarbeid om kjøp av helsevikarar

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar som foranlediget endringsframlegg.

Votering:

Rådmann sitt framlegg til vedtak vedtatt mot 1 røyst (H).

KOST- 078/19 Vedtak:

Kinn kommune deltar ikkje i innkjøpssamarbeid om kjøp av helsevikarar.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har tidlegare slutta seg til innkjøpssamarbeidet i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFI) om kjøp av helsevikarar. Med bakgrunn i kommunestyret sine tidlegare drøftingar og spørsmål kring denne saka, legg rådmannen opp til ein reservasjon av den delen som handlar om kjøp av helsevikarar.

Saksopplysningar:

SFFI gjennomfører sitt siste innkjøp no. Deretter er det meininga at Kinn tar eit vertskommuneansvar i samsvar med kommunestyre sitt tidlegare vedtak.

Konkurransen om avtale der helsevikarområdet er ein del, er ikkje utlyst endå. Vi har moglegheita til å melde frå at vi ikkje deltar i den delen av samarbeidet.

Det er likevel viktig å vere klar over at sjølv om fylkeskommunen no gjennomfører ei utlysing der Kinn ikkje er med, vil vi som vertskommune for den nye ordninga, få i oppgåve å forvalte den. Kinn kommune vil forvalte kjøp av helsevikarar for dei kommunane som tar del i den delen av ordninga. Vi overtar fylkeskommunen si oppgåve.

Vurderingar:

Med bakgrunn i kommunestyret si tidlegare drøfting av saka og ut frå det faktum at Kinn vil ha tid

til å planlegge med reduksjon i bruken av helsevikarar i dagens Vågsøy, melder kommunen seg av tidlegare tilslutning til denne delen av innkjøpssamarbeidet.

Gjeldande avtale som Vågsøy tidlegare har slutta seg til går ut i april 2020. Når vi seier nei til vidare deltaking må vi planlegge korleis vi skal bruke eigne ressursar der vi tidlegare har kjøpt desse tenestene.

Økonomiske konsekvensar:

Vågsøy har planlagt med bruk av helsevikarar for om lag kr 2 000 000. Frå april 2020 skal vi løyse desse oppgåvene med bruk av eigne ressursar. Vi må planlegge for overgangen, og då vil planen seinare fortelje meir om dei økonomiske konsekvensane.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
079/19	Kommunestyret	11.12.2019

Val av representant til Ålfoten vernestyre

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgjande representant til Ålfoten vernestyre

1.....

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Representant:

Jacob Andrè Telvik Nødseth

Vararepresentant:

Anett Berg

Votering:

Valnemnda sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 079/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgjande representant og vararepresentant til Ålfoten vernestyre:

Representant: Jacob Andrè Telvik Nødseth

Vararepresentant: Anett Berg.

Bakgrunn for saka:

Saksopplysningar:

«Skriv her»

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»



Arkiv: TI-&15, FE-037
JournalpostID: 19/992
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 04.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
080/19	Kommunestyret	11.12.2019

Val av representantar til styret i Allhuset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande vert valde som politiske representantar til styret i Allhuset:

1.
2.
3.

Vararepresentantar:

1.
2.
3.

Styreleiar:

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Representantar:

1. Lars Terje Standal Leiar
2. Trine Hovland
3. Marianne Kvamme

Vararepresentantar:

1. Ingvar Torsvik Myrvolden
2. Jon Valur Olafsen

Votering:

Framlegg til representantar og vararepresentantar samrøystes vedtatt.

KOST- 080/19 Vedtak:

Følgjande vert valde som politiske representantar til styret i Allhuset:

1. Lars Terje Standal
2. Trine Hovland

3. Marianne Kvamme

Vararepresentantar:

1. Ingvar Torsvik Myrvolden

2. Jon Valur Olafsen

Styreleiar: Lars Terje Standal

Bakgrunn for saka:

Det skal veljast styre til Allhuset i Eikefjord.

Saksopplysningar:

Allhuset i Eikefjord er bygdefolket si storstove og sto ferdig i 1994. Allhuset kan brukast til større arrangement som bygdefestar, bygdekino, barnedåp, konfirmasjonar, bryllaup, gravferd og ulike andre arrangement. Her er også stor møteaktivitet på dag og kveldstid. Heimesjukepleien i Eikefjord har kontor og møtelokale i bygget, og Dagtilbodet for eldre nyttar lokala ved sidan av kafè-delen av bygget.

Styret skal bestå av fem medlemmer, der tre er politisk valde. Det skal og velgast personlige vara for dei tre politisk valde medlemmene. To medlemmer skal velgast av og mellom lag og organisasjonar i Eikefjord. Eikefjord Grendalag er ansvarlig for den prosessen. Kommunestyre vel styreleiar.

Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
081/19	Kommunestyret	11.12.2019

Val av representant til Fjordane Friluftsråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Representantar:

1. Arlene Vågene
2. Terese Gjerde

Vararepresentant:

1. Jan Henrik Nygård

Votering:

Valnemnda sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 081/19 Vedtak:

Følgjande vert vald til representantar og vararepresentant til Fjordane Friluftsråd:

Representantar:

1. Arlene Vågene
2. Terese Gjerde

Vararepresentant:

1. Jan Henrik Nygård

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune skal velje ein representant til styret for Fjordane Friluftsråd.

Saksopplysningar:

Fjordane Friluftsråd skal koordinere og utføre kyst og fjord-rydding i Sogn og Fjordane med midlar frå Miljødirektoratet.

Fjordane Friluftsråd har motteke positivt tilsegn på 2,7 millionar frå Miljødirektoratet knytta til «Kyst og Fjordrydding» i Sogn og Fjordane for perioden 2019-2020.

FF vil i samarbeid med Kystlotteriet og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane organisere, informere og motivere til rydding av marint avfall i Sogn og Fjordane samt igangsetje diverse forebyggjande tiltak for å informere og bevisstgjere befolkninga.

Primært vil FF starte opp med rydding i medlemskommunane Solund, Askvoll, Flora, Bremanger og Vågsøy. Sekundært starte arbeidet med å få kartlagt og få rydda avfall i kommunane som ligg i ytre fjordstrøk av fylket.

Her finn ein meir informasjon om Fjordane Friluftsråd: <http://www.fjordanefr.no/>

Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
082/19	Kommunestyret	11.12.2019

Grensejustering Bryggja

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre gjev forhandlingsutvalet for grensejustering av Bryggja mandat til å forplikte Kinn kommune til å avbryte forhandlingane og be fylkesmannen om mekling etter reglane i inndelingslova.

Kommunestyret 11.12.2019:

Handsaming:

Framlegg til forhandlingsutval, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Ordførar og varaordførar vert vald til forhandlingsutval i tillegg til rådmann.

Votering:

Det vart votert samla over rådmann sitt framlegg til vedtak og framlegg til forhandlingsutval frå V v/repr. Nødseth. Samrøystes vedtatt.

KOST- 082/19 Vedtak:

Kinn kommunestyre gjev forhandlingsutvalet for grensejustering av Bryggja mandat til å forplikte Kinn kommune til å avbryte forhandlingane og be fylkesmannen om mekling etter reglane i inndelingslova.
Ordførar og varaordførar vert vald til forhandlingsutval i tillegg til rådmann.

Bakgrunn for saka:

I K sak 018/18 i Vågsøy kommune vart det oppnemd 2 medlemmar til styringsgruppe frå Vågsøy til arbeidet med grensejustering av Bryggja beståande av Nils Myklebust og Sølvi Grov med varamedlemmar: Paul Inge Angelshaug og Tove Lill Volle.

Det har vært gjennomført 5 møte i styringsgruppa, samt at fylkesmannen var med i eit møte 29.05.2019 og orienterte om regelverket i høve grensejustering og alternative vegar vidare dersom styringsgruppa ikkje kom til enighet.

Saksopplysningar:

Status i arbeidet er at det er stor avstand på fleire sentrale forhandlingspunkt. Kinn sit att med eit tap på 16 millionar i driftsbudsjettet som følge av grensejusteringa. I tillegg kjem erstatning for 16

HDO –plassar på Kulatoppen. Kostnader her er estimert til om lag 50 millionar kroner. Dette er ein nettosum, moms og og tilskot frå Husbanken er trekt i frå.

Avstanden mellom partane er minst der det gjeld kompensasjon for overføring av bygg og anleggsmidlar og teknisk infrastruktur. Her er det snakk om ein verdi på 32-35 millionar kroner.

Vurderingar:

Vi kan på ingen måte sjå at dei økonomiske storleikane som det her er tale om er innanfor det som normalt skal kunne løysast mellom kommunane i eit oppgjer ved grensejustering. Styringsgruppa ber difor om ei stadfesting frå formannskapet i Vågsøy og kommunestyret i Kinn på at ein har mandat til å avbryte forhandlingane og be om mekling etter reglane i inndelingslova.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Inndelingslova

Vedlegg i saken:

Prosjektplan grensejustering Bryggja (L)(77628)

Prosjektplan for gjennomføring av grensejustering Bryggja (L)(184601)